

Detaljreguleringsplan for naustområde Klubbavika, Gnr. 8 bnr. 4 m.fl., Bømlo kommune

PlanID 202201

Plandokument: 30.08.2023

Planomtale med ROS-analyse



Innhold

1	BAKGRUNN	3
1.1	HENSIKT MED PLANEN.....	3
1.2	INVOLVERTE AKTØRAR.....	3
1.3	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	4
1.4	RELEVANTE VEDTAK I SAKA.....	6
1.5	UTBYGGINGSAVTALAR.....	6
1.6	VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR	6
2	PLANPROSESSEN	7
2.1	PLANPROSESSEN	7
2.2	MEDVERKNAD OG VARSEL OM OPPSTART.....	7
2.3	AVKLARINGAR MED OFFENTLEGE MYNDE	7
2.4	EV. OM SAKSGANGEN SÅ LANGT – TIL DØMES UNDERVEGSMØTE	7
3	PLANSTATUS OG RAMMEFØRESETNADER	7
3.1	OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR	8
3.2	GJELDANDE REGULERINGSPLANAR FOR OMRÅDET	9
3.3	TEMAPLANAR.....	9
4	DAGENS SITUASJON	10
4.1	TOPOGRAFI OG LANDSKAP	10
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	16
4.3	NATURMANGFALD	18
4.4	NATURRESSURSAR.....	20
4.5	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BARN OG UNGE SINE INTERESSER.....	20
4.6	TRAFIKKFORHOLD	22
4.7	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	23
4.8	GRUNNFORHOLD	24
4.9	NÆRING OG TENESTER	24
4.10	EIGEDOMSTILHØVE.....	24
4.11	RISIKO- OG SÅRBARHEIT (EKSISTERANDE SITUASJON)	24
4.12	ANALYSAR/ UTREDNING	26
5	SKILDING AV PLANFRAMLEGGET	26
5.1	PLANLAGD AREALBRUK.....	26
5.2	GENERELLE FØRINGAR FOR PLANOMRÅDET.....	27
5.3	SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (SMS1-5).....	28
5.4	NAUST (UNB1-6)	30
5.5	KØYREVEG (O_KV1, KV2)	33
5.6	GANGVEG/GANGAREAL (GG1-3)	33
5.7	ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL (O_AVG1-3, AVG4-6)	33
5.8	PARKERINGSPLASSAR (PP1-3).....	33
5.9	BLÅGRØNNSTRUKTUR (BG1-6)	33
5.10	FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG (FLV1-6).....	33
5.11	OMSYNSSONER	34
5.12	REKKEFØLGJEKRAV	34
5.13	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	34
5.14	PLANLAGDE OFFENTLEGE ANLEGG	35
6	KONSEKVENSGREIING	35
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	35
7.1	OVERORDNA PLANAR.....	35
7.2	TOPOGRAFI OG LANDSKAP	38

7.3	STRANDSONE OG VASSDRAG	41
7.4	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ, EV. VERNEVERDI	43
7.5	NATURMANGFALD	43
7.6	NATURRESSURSAR.....	44
7.7	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER	45
7.8	TRAFIKKFORHOLD	46
7.9	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	46
7.10	NÆRING OG TENESTER	47
7.11	EIGEDOMSINNGREP.....	47
7.12	KLIMAENDRINGAR OG NATURHENDINGAR	47
7.13	ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN	52
7.14	KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER OG PRIVATRETTSLEGE FORHOLD	52
7.15	INTERESSEMOTSETNINGAR	52
7.16	AVVEGING AV VERKNADER	52
7.17	ANNA	52
8	SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP.....	52
8.1	METODE	52
8.2	ROS-ANALYSEN	55
9	INNKOMNE MERKNADER TIL OPPSTART	58
10	VEDLEGG	60

1 Bakgrunn

1.1 Hensikt med planen

Olav Fauskanger, eigar av hovudbruket 8/4, har saman med Rune Fauskanger, eigar av 8/38, teke initiativ til å starte opp planarbeid for eit samanhengande naustområde ved Klubbavika, som ligg inne i gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune. Rune Fauskanger skal etter kvart også overta hovudbruket (8/4).

Frå gamalt av har det vore slipp og reparasjon av båtar i dette området ved Klubbavika. Det er framleis spor etter denne aktiviteten her, noko ein ynskjer å ivareta for å ikkje øydeleggje staden si historie og eigenart.

Føremålet med reguleringsplanen er å fortette eksisterande naustområde med 7 naust med tilhøyrande tilkomstveg, parkeringsplassar og småbåtanlegg. Det er 3 stk. naust med tilhøyrande bryggjeanlegg innanfor området i dag. Eit av dei nye nausta vil vera eit nytt framtidig hovudnaust på garden 8/4, og skal derfor ikkje skiljast frå. Rune Fauskanger samlar på gamle gjenstandar knytt til kystkultur og fiske på vestlandet, og treng ein eigna stad for oppbevaring av desse gjenstandane. Det gamle naustet på 8/4, med dei gamle murane, ynskjer ein å ta vare på slik det er. I tillegg vil ein leggje om delar av den eksisterande tilkomstvegen nede i naustområdet noko, men framleis ivareta gjeldande rettar og sikre tilkomst til alle nausta innanfor planområdet. Vidare vil ein leggje til rette for felles parkeringsplass og båtplassar for nausteiningane. Eksisterande tiltak i sjø skal vidareførast, og det er ynskjeleg å utvide eksisterande molo noko for å gjera det enklare å ta opp båtar her samt gjera det mogleg å snu med bil på dette arealet. Området er allereie tilrettelagd med vegtilkomst via ein privat veg, Finnåsvegen (PV1161).

1.2 Involverte aktørar

1.2.1 Nøkkelopplysningar

Tabell 1: Nøkkelopplysningar.

Lokalisering	Klubbavika, Bømlo kommune
Gjeldande planstatus	Området er ikkje regulert frå før, men er i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 vist som naust, LNRF- areal, spreidde bustader og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. I tillegg ligg delar av planområdet innunder faresone for ras- og skredfare (H310_45, H310_46, H310_47 og H310_48).
Planområdets storleik	Ca. 9,98 daa
Tiltakshavarar	Rune Fauskanger m.fl,
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur AS (tidl. Gøtz AS) v/ Kari Hilde Rommetveit og Martin Gøtz
Skisseprosjekt / arkitekt	ABO Plan & Arkitektur AS
Hovudføremål med ny plan	Naust og småbåtanlegg
Aktuelle problemstillingar	Strandsone og terrengtilpassing.
Krav om konsekvensutgreiing	Nei
Oppstartsmøte	28.02.2022
Prinsipp søknad	Sendt 14.03.2021. Godkjent 06.04.2022 (sak 37/22)
Varsel om oppstart	23.05.2022
Vedtak planprogram	-

1.2.2 Eigartilhøve

Følgjande eige-domar ligg heilt eller delvis innanfor planområdet: gbnr. 8/1, 8/4, 8/26, 8/27, 8/37, 8/44, 8/52 og 8/63. Eigartilhøva innanfor planområdet er som følgjer:

Gnr. 8 bnr. 1 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 4 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 26 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 27 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 37 er eigd av:	Vestland Fylkeskommune
Gnr. 8 bnr. 44 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 52 er eigd av:	Privat eige
Gnr. 8 bnr. 63 er eigd av:	Privat eige


1.3 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg ved Klubbavika, sørvest for Håvikosen og Håvika, i Bømlo kommune.




Figur 1: Oversiktskart som viser lokalisering av planområdet i ein større samanheng (raud sirkel). Kjelde: Kommune-kart.com.

Det vart avklara på oppstartsmøtet med kommunen at plangrensa skulle omfatte tilkomstvegen heilt ut til fylkesveg FV4996, Finnåsvegen. Plangrensa vart sett i samråd med kommunen, og det vart meld oppstart av reguleringsplanen 23.05.2022. Planområdet utgjorde då totalt ca. 9,9 daa. Sjå figur 2. I samband med oppstartsvarselet kom det inn nokre merknader som gjorde at tiltakshavar ynskte å flytte litt på den planlagde parkeringsplassen for nausta i høve til den plasseringa som først var skissert. Dette medførte ei mindre justering av plangrensa, og det vart avklara med sakshandsamar at det ikkje var trong for å melde oppstart på nytt som følgje av endringa. Planområdet er difor justert, men omfattar framleis eit areal på ca. 9,9 daa. Sjå figur 3.



Figur 2 Kart som viser avgrensinga av planområdet slik den var ved oppstart av planarbeidet



Figur 3 Kart som viser avgrensinga av planområdet etter justering.

1.4 Relevante vedtak i saka

Oppstartsmøte er gjennomført 28.02.2022. I referatet frå oppstartsmøtet går det fram at «melding om oppstart av planarbeid kan ikkje skje før krav om førelegging er behandla politisk i samsvar med pbl §12-8 og forskrift §4, søknad om oppstart av planarbeid med grunngjeving er sendt inn og spørsmålet om igangsetjing deretter har vore lagt fram for politisk handsaming». 14.03.2022 sendte ein inn prinsipp søknad for å få melde oppstart av detaljreguleringsplanen, og prinsipp søknaden vart handsama i utval for areal og samferdsel 06.04.2022 (sak 37/22). Utvalet kom då samrøystes fram til å rå til oppstart i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Det er elles godkjente naust innanfor planområdet. Ein er ikkje kjent med kva tid desse vart godkjent. Desse tiltaka har vore heimla i gjeldande kommuneplan i området, og vert vidareført i planforslaget her. Løyve til eksisterande flytebryggje på gbnr. 8/26 har ein ikkje klart å framskaffe.

1.5 Utbyggingsavtalar

Privatrettslege avtalar

Vi kjenner ikkje til privatrettslege avtalar som har betydning for eller vil hindre gjennomføring av reguleringsplanen.

Kommunale kostnader – teknisk infrastruktur

Det er ikkje forventa at planframlegget medfører negative økonomiske konsekvensar for Bømlo kommune. Utbyggjar skal dekke alle kostnader med utbygginga. Kommunen skal i utgangspunktet ikkje overta anlegg i samband med utbygginga. Gjennomføringa av planen vil, etter tiltakshavar si vurdering, innebera meirinntekter for kommunen i form av vassavgift, eigedomsskatt og ikkje minst positive synergieffektar for eksisterande næringsverksemdar og lokalsamfunnet elles.

1.6 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Detaljreguleringa er i all hovudsak i samsvar med overordna kommuneplan. Det er ikkje sett krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing § 10, første ledd bokstav a-d, og § 10, andre ledd bokstav a-h. Det er vurdert at planen ikkje vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn. I tråd med pbl. § 4-2 vil ein likevel gjere greie for føremål, hovudinnhald og verknader av planframlegget.

2 Planprosessen

2.1 Planprosessen

10.12.2021 vart det sendt inn planinitiativ til kommunen, og det vart halde oppstartsmøte med Bømlo kommune 28.02.2022. 14.03.2022 sendte ein inn prinsippsøknad for å få melde oppstart av detaljreguleringsplanen, og prinsippsøknaden vart handsama i utval for areal og samferdsel 06.04.2022. Utvalet kom då samrøystes fram til å rå til oppstart i samsvar med kommune-direktøren sitt framlegg til vedtak (saksnr. 37/22).

2.2 Medverknad og varsel om oppstart

Oppstart av planarbeidet vart varsla den 23.05.2022 pr. brev/e-post til grunneigarar, tilgrensande naboar og offentleg mynde og andre interesselag/ organisasjonar etter adresseliste frå Bømlo kommune. Varselet var òg annonsert i bladet Bømlo-Nytt 25.05.2022. Frist for merknader var sett til 05.07.2022. Det kom inn 6 merknader frå offentlege instansar. Oppsummering av dei innkomne merknadane og våre kommentarar til desse ligg under kap. 9.

2.3 Avklaringar med offentlege mynde

Det har ikkje vore behov for avklaringar med offentlege mynde undervegs i prosessen.

2.4 Ev. om saksgangen så langt – til dømes undervegs møte

Det har ikkje vore behov for undervegs møte med Bømlo kommune i planprosessen.

3 Planstatus og rammeføresetnader

Reguleringsplanen skal utarbeidast i samsvar med overordna planar. Ulike forvaltningsnivå og ulike planreiskapar skal samspela i ein heilskap. Dei utgjer rammer og premisser for kommunen som lokal planstyresmakt. Dersom kommunen ikkje føl opp overordna styringsareal i fysisk planlegging, kan dette føre til motsegner til planen. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei mest sentrale nasjonale, regionale og lokale planane og retningslinene som kan få innverknad på planforslaget.

MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID

Privat detaljreguleringsplan for naustområde Klubbavika, gnr. 8 bnr. 4 m.fl., Bømlo kommune (Planid: 202201)


I medhald av plan- og bygningslova §12-8, vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering for naustområde Klubbavika, gnr/bnr. 8/4 m.fl., Bømlo kommune.

Planstatus og føremål

Området er ikkje regulert frå før, men er i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 vist som naust, LNRF-areal, spreidde bustader og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Delar av planområdet ligg innunder faresone for ras- og skredfare.

Føremålet med reguleringsplanen er å fortette eksisterande naustområde med ca. 8 naust med tilhøyrande trafikkareal, parkeringsplassar, slipp, molo, kaiar, småbåtanlegg i sjø og grøntområde. Frå gamalt av har det vore slipp og reparasjon av båtar i dette området ved Klubbavika. Det er framleis spor etter denne aktiviteten her, noko ein ynskjer å ivareta. Området har tilkomst via privat veg i dag. Vegen skal regulerast inn, men med noko justering i bakkant av nausta. Planområdet utgjer ca. 9,9 daa.

Planområdet er avgrensa og vist på kartet nedanfor, og omfattar gnr/bnr. 8/4 m.fl.:



Planen er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiing, og planmynde i Bømlo kommune har konkludert med at planen ikkje fell inn under vilkåra for slik utgreiing.

Planarbeidet vert utført av Gøtz AS.

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Spørsmål om eller innspel til planarbeidet kan rettast til Gøtz AS, Sæ 132, 5417 Stord eller til post@gotz.no v/ Kari Hilde Rommetveit (tlf. 976 53 972) innan **05.07.2022**.

Oppstartsmelding, planinitiativ, referat frå oppstartsmøtet og vedtak prinsippsøknad er tilgjengeleg på kommunen si heimeside/planregisteret.

GØTZ AS
RÅDGJEVANDE INGENIØRAR

Figur 4: Oppstartsannonse i avisa Bømlo-Nytt 25.05.2022.

3.1 Overordna planar og føringar

3.1.1 Overordna rammer og retningslinjer

- Plan- og bygningslova
- Statlege retningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kgl.res. 28.05.2021
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming
- Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging i kommunane
- Folkehelseperspektivet
- NVE sine retningslinjer

3.1.2 Fylkeskommunale planar og regionale føringar


- Fylkes(del)plan
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Regional plan for folkehelse- fleire gode levekår for alle- 2014-2026
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional klima- og energiplan. Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

3.1.3 Kommuneplanens arealdel ev. kommunedelplanar

- Kommuneplanen sin arealdel 2013-2025
- Kommuneplanen sin samfunnsdel for Bømlo kommune 2019-2049
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2022
- Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032
- Kommunedelplan for oppvekst 2019-2024
- Kommunedelplan for vatn og avlaup 2016-2045

3.1.4 Gjeldande planstatus i overordna plan

Området er ikkje regulert frå før, men er i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 (arealdelen) vist som naust, LNRF- areal, spreidde bustader samt bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. I tillegg ligg delar av planområdet innunder faresone for ras- og skredfare (H310_45, H310_46, H310_47 og H310_48). Det er ikkje satt noko byggjegrænse mot sjø i gjeldande kommuneplan. Store delar av planområdet ligg innanfor 100-meters beltet til sjø, med byggjeforbod stadfesta i plan- og bygningslova § 1-8. Dette gjeld før byggjegrænse er lagt inn i reguleringsplan.



Figur 5: Utsnitt frå gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune 2013-2025.

3.2 Gjeldande reguleringsplanar for området

Området er ikkje regulert frå før.

3.2.1 Eventuelle planar som heilt eller delvis skal erstattast

Ingen.

3.2.2 Tilgrensande planar som er i gang i nærleiken og som har innverknad på saka

Ingen.

3.3 Temaplanar

- Trafikksikringsplan 2020-2024

4 Dagens situasjon

4.1 Topografi og landskap

Planområdet ligg i ei relativt skjerma vik på innsida av Storeklubben, og har typisk kystlandskap. I Naturbase ligg området under landskapstypen «beskyttet indre småkupert kystslette», LA-TI-K-S-9. Denne landskapstypen er i NiN- kart/ artsdatabanken skildra som: «*Typen omfatter landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsiden av større øyer eller i kystslette innover mot fjordene som i større grad er skjermet for bølge- og vindeksponering fra åpent hav. Landområdene har 'innlandsegenskaper' i form av forekomst av vassdrag og økt arealbruksintensitet. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst)*».



Figur 6: Planområdet sett frå lufta i vest. Kjelde: 3d.kommunekart.com.

Landskapet i området er småkupert og prega av fleire skrentar med høgdeskilnader opp mot 20 meter. Langs tilkomstvegen er desse skrentane mindre, og i bakkant av naustområdet i sør er dei på sitt høgaste. Ved naustområdet er skrentane orientert mot sørvest og nordvest. Langs tilkomstvegen er skrentane orientert mot søraust. Den eksisterande tilkomstvegen går frå ca. kote +1,0 heilt nord i naustområdet og opp til ca. kote +44,0 ved avkøyrsla inn mot FV4996, *Finnåsvegen*.

I områda lengst nede mot sjø er det etablert fleire relativt flate parti med murar/fylling mot sjø, og delar av planområdet er allereie planert og utbygd med naust og køyreveg i bakkant.

Hovuddelen av planområdet er skjerma frå innsyn frå Mosterfjorden av Storeklubben i sør. Det er også fleire skogkledde øyar, små holmar og skjer i sjøen utanfor planområdet som er med på å hindre direkte innsyn til planområdet frå sjø frå vest og nord, med Stora Ulvesøya og Bjørnøya som dei største. Delar av planområdet er synleg frå nordspissen av Børøya og Håsåteholmen i sør.



Figur 7: Planområdet sett frå Mortavika nord på Børøya. Kjelde: 3d.kommunekart.com.

4.1.1 Soltilhøve


Hovuddelen av området er sørvestvent, og det er stort sett gode soltilhøve gjennom dagen, spesielt på ettermiddagstid. Sørleg del av planområdet nede ved sjø er nordvestvendt med høgt terreng i bakkant. Denne delen av planområdet vil difor vere noko undersolt delar av døgeret.

4.1.2 Lokalklima

Normalt vestlandsklima. Klimaet i området er relativt mildt, med ein årsmiddeltemperatur på 8,8 i 2017, 8,5 i 2018, 9 i 2019, 9,5 i 2020 og 8,5 i 2021 (kjelde: seklima.met.no). Dersom ein ser på data henta frå Meteorologisk institutt (yr.no) for målestasjonen Slåtterøy Fyr, som ligg 25 moh. Nordvest i Bømlo kommune, finn ein følgjande data for temperaturvariasjonar, nedbør og vind dei siste 13 månadane:


Nedbør

August 2021–august 2022




Temperatur

August 2021–august 2022



Vind

August 2021–august 2022



Figur 8: Data frå Meteorologisk institutt ved målestasjon Slåtterøy Fyr.

Som ein ser ut i frå grafane så kjem mykje av nedbøren i haustmånadane. Det føreligg ikkje målingar av snødjupne ved målestasjonen.

4.1.3 Estetisk og kulturell verdi

I «Klubben» har familien Fauskanger drive med fiske i generasjonar. På starten av 1900- talet var fiske heilt essensielt for å overleve. Naustbygningane var naudsynte for oppbevaring av utstyr og det som ein trong for å kunne fiske i eit vêrhardt miljø. Frå gamalt av har det også vore slipp og reparasjon av båtar i dette området ved Klubbavika. Dette var for ca. 100 år sidan. Vidare har det stått saltboder plassert i området. I desse bodane oppbevarte ein utstyr og salta fisk. Saltbodene vart seinare flytta, men det er framleis spor etter den tidlegare aktiviteten her, noko ein ynskjer å ivareta for å ikkje øydeleggje staden si historie og eigenart.

Det gamle naustet på gbnr. 8/4 høyrer til hovudbruket på garden. Murane som det gamle naustet står på er rundt 150 år gamle, og ein har blitt fortalt at det naustet som står der i dag er det 3. naustet som står på desse murane. Naustet som står der i dag har stått der sidan 1955. Konstruksjonen er grindverk, med liggjande kledning og med jord/ strandgolv. Gavlen med port for båt rettar seg mot Klubbavika. Innvendig er det loft med luke. Naustet har vore gjennom enkle moderniseringar i løpet av åra.

Nausttomtane 8/26 og 8/27 vart skilt ut i 1972 og nausta sto ferdige ca. I 1980. Naust på 8/26 vart påbygd ca. 15m2 i 2003. Taka på begge nausta vart skifta i 2007 grunna lekkasje. Det er også etablert kaia og bryggjeanlegg i tilknytning til dei eksisterande nausta her, og det er allereie ein etablert kultur for oppsitjarane for båtliv, bading og fiske i området. Den eksisterande bygga innanfor planområdet har eit maritimt preg med utforming som tradisjonelle naust og sjøhus i Bømlo kommune.



Figur 9: Biletet viser det eksisterande naustmiljøet i området, med det gamle naustet og slippen i framkant.

Sjølv om fiske i dag ikkje er nødvendig for å overleve for dei som bur- og har naust i området, består trongen til etterkomarane til å vere nær sjøen og kunne fiske på fritida.

Vegen til sjø har utvikla seg over tid, frå gamal kjerreveg frå lang tid tilbake til køyrbar tilkomstveg til nausta. Vegen sto ferdig rundt 1980, då nausta på gbnr. 8/26 og 8/27 blei bygd. Dei flate partia rundt den gamle slippen på hovudbruket, har framkome naturleg når store steinar har blitt fjerna og re-lokalisert gjennom ein gradvis prosess. Handlødd mur mellom det gamle naustet og slippen vart bygd kring 1992.

4.1.4 Strandsone og vassdrag

Overordna planar og retningslinjer

Pbl. § 1-8 har føresegnar om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. Her skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Her står det òg at forbodet berre gjeld dersom ikkje anna byggjegrænse er sett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. I §3.5.6 i føresegnene til arealdelen, står det at «for arbeid og tiltak i nye og eksisterande naustområde følgjer byggjegrænse langs sjø føremålsgrænse for naustområde».

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021), har som føremål å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. pbl. § 1-8. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert strengare i sentrale område der presset på areala er stort. Bømlo kommune er del av områda avgrensa som område med mindre press på areala, sone 3. Vurdering av nye tiltak skal uansett alltid vegast opp mot desse allmenne omsyna. Det er fleire retningslinjer som skal leggst til grunn i 100-metersbeltet, som er omtala i vurderingane i kap. 7.3. Gjeldande kommuneplan opnar for utbygging innanfor strandsona i planområdet.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2020) har følgjande hovudmål:

Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønnsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

I den regionale kystsoneplanen er det eit eige hovudkapittel som omhandlar strandsona (kap.6), med følgjande delmål:

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Den regionale kystsoneplanen har også eigne retningslinjer for strandsona. Viser til kap. 7.1.

I arbeidet har ein også nytta den heilt ferske strandsonerettleiaren for Vestland fylke, som er utarbeidd i eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Kommunane i Vestland har også hatt høve til å medverke gjennom prosessen med strandsonerettleiaren.

Fysiske inngrep og potensielt tilgjengeleg strandsona

Strandsona er området innan 100 meter frå kystlina målt i horisontalplanet. Bømlo kommune har ei samla strandlinje på om lag 1 277 km. Store delar av planområdet ligg innanfor 100- metersbeltet, og såleis innanfor strandsona.




Figur 10: Bilete som viser kva delar av planområdet som ligg innanfor 100- metersbeltet (vist med gul farge).

I følge SSB er det registrert 5662 bygninger innanfor 100- metersbeltet i Bømlo kommune (alle typar bygningstypar) i 2021. Statistikken viser at talet aukar år for år.

	Bygninger i strandsona											
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
4613 Bømlo												
Alle bygningstyper	4 626	4 726	4 833	4 919	5 024	5 160	5 260	5 320	5 431	5 513	5 572	5 662

Figur 11: Oversikt over tal på bygningar i strandsona i Bømlo kommune (kjelde: SSB, 2022).

SSB lagar også oversikt på status for strandsoneareal på fastlandet inkl. øyar med fastlandssamband. For Bømlo kommune viser denne at det er om lag 75,4% (tal frå SSB pr. 01. jan. 2022) av strandsona i kommunen som er klassifisert som potensielt tilgjengeleg strandsoneareal, dvs. areal som ikkje er beslaglagd av privatiserande bygg og anlegg, dyrka mark eller vegareal. SSB har i sin statistikk og oversikt definert bygningsnært areal som bygd areal eller areal som ligg 50 meter frå yttervegg til alle typar bygg unnateke naust, båthus og sjøboder. Vidare viser statistikken at 17,8% er bygningsnært areal, 5,4% består av dyrka mark og om lag 1,5% er vegareal. Av det arealet som er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, ligg 60,1% innanfor areal som ikkje har veldig stor helling (<25 grader) medan 15,3% ligg i område med veldig stor helling (>25 grader). Topografi og arealbruk kan stenge for ålmenn ferdsle. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg. Kartet nedanfor syner område som er potensielt tilgjengeleg i strandsona innanfor planområdet ihht SSB sin metode. Områda er synt i grønt. Berekninga er i hovudsak basert på urørt natur og terreng, kor det ikkje er tekniske inngrep, som dyrka mark, bygningar og vegar. 100- metersbeltet er vist med gul farge.




Figur 12: Oversikt over potensielt tilgjengeleg strandsone og hellingsgrad etter SSB sin metode. 100- metersbeltet er vist med gul farge. (SSB).

Som ein kan sjå av kartet ovanfor, så har store delar av arealet som ligg i strandsona innanfor planområdet areal med *veldig stor helling > 25 grader*, og er såleis definert som utilgjengeleg. Dei tilgjengelege områda har varierende hellingsgrad, og det er i områda kring eksisterande naust, kai og slipp at hellinga er minst (liten/noko helling). Etter gjennomført synfaring i området, ser vi at SSB sitt kart over potensielt tilgjengeleg strandsona er noko misvisande kva gjeld hellingsgrad i nokre av områda, spesielt i området sør for den eksisterande slippen. Her er det ei flate i ca. 7-8m breidde på nedsida av skrenten som gjer at delar av dette området også er tilgjengeleg.

Strandlinja innanfor planområdet er totalt ca. 250 lang. Det er etablert i alt 3 stk. naust med tilhøyrande kai- og bryggjeanlegg i området i dag. I tillegg består store delar av strandlinja innanfor planområdet av fylling og natursteinsmurar.



Figur 13: t.v. Landskap i nordleg del av naustområdet innanfor planområdet.




Figur 14: t.h. Landskap i sørleg del av naustområdet innanfor planområdet.

Viser til kap. 7.3 for vurdering av strandsoneverdiane i området og konsekvensar av planframlegget.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

I følgje kartdata frå Riksantikvaren og Miljødirektoratet, så er det ingen særskilt viktige kulturlandskap eller kjende kulturhistoriske funn, kulturminne eller SEFRAC- registrerte bygningar innanfor planområdet. Næraste kulturminnet er ei gravrøys/gravminne frå bronsealder (kulturminneid: 72833) som ligg nord for eksisterande tilkomstveg.



Figur 15: Oversikt over kjende registrerte kulturminne i nærområdet. Kjelde: Askeladden kulturminnesøk, 09.11.2022.

Det er ingen gamle ferdselsårer eller registrerte marine kulturminne innanfor planområdet, men det går 2 steingardar ved og langs den eksisterande tilkomstvegen.




Figur 16: t.v.: Steingard langs eksisterande tilkomstveg ved hovudhuset på gbnr. 8/4.

Figur 17: t.h.: Steingard ved eksisterande tilkomstveg lokalisert på toppen av den første brekka opp frå naustområdet.

4.3 Naturmangfald

I Artsdatabanken sitt Artskart og Miljødirektoratet sin Naturbase, er det per november 2022 ingen registrerte oppføringer av utvalde naturtypar eller prioriterte artar etter naturmangfaldlova innanfor, eller i nærleiken av området. Det er ingen registrerte naturtypelokalitetar etter Miljødirektoratet si handbok 13 innanfor planområdet. Sjøområdet innanfor planområdet inngår i ein registrert marin naturtype; *bløtbunnsområder i strandsonen* med ID: BM00058195 etter Miljødirektoratet si handbok 19. Verdien av området er sett til *Viktig*.



Figur 18: Registrert marin naturtype i sjøområdet. Kjelde: Naturbase kart, november 2022.

Store bløtbunnsområde gjev robuste og stabile (motstandsdyktige) økosystem og utgjør viktige beiteområde for fugl og fisk. Bløtbunn består av mudder og/eller fin, leirholdig eller grovare sand som ofte vert tørrlagd ved lågvatn. Eit stort tal artar er gjerne å finna i bløtbunnsområde i strandsona og produksjonen i vassmassane kan vera høg. I Naturbase sitt faktaark står det følgjande om registreringa under *innledning*: «Fjellgrunn med sand og mudder innimellom. Begrunnelse: Usikkert hvor mye bløtbunn. Bør revurderes». Elles er det ingen verneområde innanfor, eller i nærleiken av planområdet.



Figur 19: Vegetasjon i strandsona i bakkant av den eksisterande slippen.

Planområdet er del av eit kystprega landskap med mykje berg i dagen. Tilgjengelege flybilete frå 1969, 1987, 2004, 2007, 2012, 2016, 2019, 2020 og 2021 på www.norgebilder.no viser ei fortetting av skogen i og kring planområdet. Tilkomstvegen ned til området er grusa, men med eit grønt preg (isådd). Kantvegetasjonen består av mindre lauv- og bartre, gras, røsslyng einer mv. Nede ved naustområdet er det nokre graskledde flater med lauv- og bartre i områda inn mot fjellet i bakkant. Det veks òg ein del tre, lyng og einer i og over fjellskrentane som ligg delvis innanfor plangrensa.



Figur 20: t.v.: Biletet viser typisk kantvegetasjon langs eksisterande tilkomstveg i planområdet.

Figur 21: t.h.: Biletet viser vegetasjon i fjellskrentane i bakkant av eksisterande naust.

Det føreligg altså ingen registreringar av artar av særskild forvaltningsinteresse eller av raudelista artar innanfor planområdet.

Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil syner ingen gyteområde, beiteområde, låssettingsplassar eller skjelførekomstar i planområdet, men det er registrert eit gytefelt for torsk i Mosterfjorden, søraust for planområdet.



Figur 22: Registrert gyteområde for torsk i Mosterfjorden. Hovuddelen av planområdet er vist med raud sirkel. Kjelde: Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil.

4.4 Naturressursar

I NIBIO's Kilden er planområdet vist med araltype *skog* (AR50). Skogboniteten er klassifisert som impediment i naustområdet og skog med høg og sørs høg bonitet i austleg del langs eksisterande tilkomstveg. Hovuddelen av planområdet er i kommuneplanen synt som område for naust, og planen medfører med andre ord ikkje omdisponering av dyrka mark. Det ligg nokre område med fulldyrka- og overflatedyrka jord langs den eksisterande tilkomstvegen.




Figur 23: Kartet viser område med fulldyrka jord (mørk gul), overflatedyrka jord (gul) og innmarksbeite (lysegul). Kjelde: NIBIO Arealinformasjon.

Det er ikkje beitande dyr i området. Det er ikkje registrert mineralressursar eller grus- og pukkressursar i området.

4.5 Friluftsliv og folkehelse, barn og unge sine interesser


Området i sjø litt utanfor planområdet inngår i eit kartlagd friluftsområde; *Kanalane og sjøareal i nærleiken* med ID: FK00040745. Områdeverdi er sett til *svært viktig* og brukarfrekvens er sett til *stor*.



Figur 24: Kartet viser det plasseringa av det kartlagde friluftsområdet «Kanalane og sjøareal i nærleiken» i høve til planområdet, som er vist med raud prikk. Kjelde: Naturbase.

Området er gjeve følgjande skildring: «Kulleseidkanalen ligg ved tettstaden Finnås, og er eit av dei mest kjende landemerka i kommunen. Røyksundkanalen har sitt auste innløp frå Stokksundet og via det smale løpet ved sørspissen av Sørneset. Kanalane blir med rette kalla vannvegar». Røyksundkanalen aust for planområdet har vore nytta i uminnelege tider, og er populær for båtturistar. Ved Røyksundkanalen vart det på 1980- talet bygd opp eit populært feriesenter og badeland, og staden vart ei svært populær småbåthamn og gjestehamn. Badeanlegget ligg lunt inst i vika med skjelsand og sklier både inne og ute, men i dei siste åra har badelandet vore stengt av pga. manglande vedlikehald.

Planområdet ligg elles ikkje langt frå Siggjo, som også er eit kartlagd friluftsområde med områdeverdi *svært viktig* (ID: FK00040772). Siggjo er Bømlø sin høgaste topp (474 moh.), og har til alle tider vore eit viktig innseglingssmerke som ein kan sjå langt til havs. Fjellet er eit populært turmål med godt tilrettelagd sti og sherpa- trapper i delar av traseen. Siggjo har mange tusen besøkjande kvart år. Det er parkering ved fv542 på Stokka i Siggjarvåg, men ein kan også koma inn på løypa frå Håvik.



Figur 25: Kartet viser det plasseringa av det kartlagde friluftsområdet «Siggjo» i høve til planområdet, som er vist med raud markering. Kjelde: Naturbase.

Areala innanfor planområdet er tilgjengelege via eksisterande privat tilkomstveg (Finnåsvegen, PV1161), men stadvis svært bratt terreng gjer at delar av området er likevel er utilgjengeleg, sett i eit friluftsperspektiv. Det er elles ingen tilrettelagde tur- eller rekreasjonsområde langs sjø for ålmenta innanfor planområdet, og arealet innanfor planområdet er ikkje nytta til friluftsområde i dag, anna enn av brukarane av eksisterande naust og båtplassar i området.

Frå den eksisterande tilkomstvegen går det ein graskledd bakke som vert slått ned til Eidavika, som ligg på sørsida av Storeklubben. Her er det ei strand som vert nytta til bading av bebuarane i området.



Figur 26: Biletet viser den eksisterande stranda ved Eidavika, aust for Storeklubben. Kjelde: 3d- kommunekart.

Ein kjenner ikkje til at planområdet vert nytta av barn og unge. Planområdet omfattar ingen leikeplassar eller andre område som er særskilt nytta av born og unge i dag.

4.6 Trafikkforhold

Planområdet omfattar ein eksisterande tilkomstveg, *Finnåsvegen (PV 1161)* og krysset inn mot Fv.4996. Fv4996 har ei fartsgrense på 80 km/t på strekninga ved avkøyrsla ned til planområdet og ein ÅDT på 450 i følge Statens vegvesen sitt vegkart.



Figur 27: Sikt i avkøyrsla mellom PV1161 og Fv. 4996.

Frå krysset kjem ein inn på ein privat veg, *Finnåsvegen* (PV 1161). Denne vegen er opparbeidd med grus i ca. 2,7-3,0 m breidde. Fartsgrensa på denne vegen er i følgje Statens vegvesen sitt vegkart 50 km/t, men standard, breidde og kurvatur tilseier at ein må ha lågare fart enn dette. Vegen fungerer i dag som tilkomstveg for 5 bustader og 3 naust.



Figur 28: Eksisterande tilkomstveg PV1161, Finnåsvegen.

Det er ingen fortau langs tilkomstvegen i planområdet i dag eller langs fv4996. Det er ikkje registrert ulukker i området.

Kollektivtilbod:

Det ligg eit busstopp der kor hovudvegen møter tilkomstvegen, like i nærleiken av planområdet. Bussruta mellom Håvik og Sakseid er for tida utan regulære avgangar.

Parkering:

Parkering for eksisterande naust innanfor planområdet skjer i bakkant av nausta eller oppe ved hovudhusa på garden.

Universell tilgjenge:

Det er køyretilkomst til området. Stiging på tilkomstveg gjer at denne ikkje er universelt utforma.

4.7 Teknisk infrastruktur

I området er det etablert 3 naust frå før, men det er ikkje etablert VA-anlegg. Naustet på gbnr. 8/27 har straumforsyning i dag via privat linje på hovudbruket, gbnr. 8/4.

Vatn og avløp:

Eksisterande naust innanfor planområdet er ikkje tilkopla vatn eller avlaup i dag.

Overvatn:

Området har naturleg avrenning mot sjø.

Straum:

Eksisterande privat linje på gbnr. 8/4.

Leidningar:

Det er ingen høgspenlinjer i planområdet.

4.8 Grunnforhold

Berggrunnen i området er kartlagt i målestokk 1:50 000, og består i følge NGU sin nasjonale berggrunnsdatabase av metavulkanitter. Det er også fylitt og konglomerat.

4.9 Næring og tenester

Planområdet ligg innunder Moster skulekrins. I og med at reguleringsplanen omfattar naust og ikkje nye bustader, er skule- og barnehagekapasitet sett på som lite relevant.


Planområdet ligg om lag 13,0 km frå sentrum på Moster og ca. 14,0 km frå Bremnes sentrum. Her er det fleire daglegvarebutikkar og ulike service-tilbod.

4.10 Eigedomstilhøve


Eigartilhøva innanfor planområdet er kartlagt (pkt. 1.2.2). Det er nokre usikre eigedomsgrenser innanfor planområdet, men ein har ikkje funne det naudsynt å påvise desse på noverande tidspunkt.

4.11 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Planområdet ligg delvis innanfor NVE sine aktsemdsoner for snøskred og steinsprang jf. NVE sitt Atlas.



Figur 29: Kart som viser aktsemdområde for snøskred i området. Kjelde: NVE Atlas.



Figur 30: Kart som viser aktsemdområde for steinsprang i området. Kjelde: NVE Atlas.

Det er ingen registrerte skredhendingar innanfor planområdet på NVE sitt Atlas, men geomorfologien med tydelege steinsprangavsetningar nedanfor enkelte av skrentane tilseier at det har vore steinsprangaktivitet i området. Det er registrert hendingar av steinsprang langs fylkesvegen i nærleiken av planområdet.

Det er ingen flaumfaresoner i området, og det ligg heller ikkje innanfor aktsemdområde for flaum. I NVE Atlas ligg delar av området innanfor NVE flaumsone for stormflo. Flaumsonekarta viser kva område som blir oversvømt i ein flaumsituasjon, og med kva gjentaksintervall.



Figur 31: Flaumsonekart for stormflo (200- års flaum). Kjelde: NVE Atlas.

Området ligg ikkje innanfor registrert kvikkleiresone, men i NVE Atlas er størstedelen av planområdet underlagt eit større aktsemdområde for marin leire. Desse områda viser areal under marin grense basert på NGU sitt kart «marin grense». I desse områda finst det ikkje detaljerte lausmassekart, så det er ikkje grunnlag for eit meir detaljert aktsemdkart.



Figur 32: Aktsemdområde for marin leire. Kjelde: NVE Atlas.

Det går ingen høgspenteleidningar i planområdet, så det er ikkje fare for elektromagnetisk stråling. Det er ikkje registrert forureina grunn i området. Ihht nasjonalt aktsemdkart frå NGU er aktsemda i området i høve til radon i grunnen registrert som «Usikker aktsomhet».

4.12 Analysar/ utredning

Ein kjenner ikkje til at det er utført analysar eller utgreiingar i forkant som er av betydning for planarbeidet. I samband med planarbeidet er det utført ei skredfarevurdering i området. Denne ligg vedlagd.

5 Skildring av planframlegget

5.1 Planlagd arealbruk

Planområdet er 9,9 daa og fordeler seg slik på dei ulike planføremlåa:


Tabell 2: Arealoversikt

Føremål	SOSI-kode	Storleik, dekar
SMS - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	1588	1,1
UNB - Naust	1589	0,9
KV - Køyreveg	2011	3,7
GG – Gangveg/gangareal	2016	0,1
AVG - Annan veggrunn - grøntareal	2019	1,5
PP - Parkeringsplassar	2082	0,2

BG - Blågrønnstruktur	3002	1,4
FLV - Friluftsområde i sjø og vassdrag	6710	1,0

Totalt ca.: 9,9 daa

Omsynssoner / bestemmelsesområde	SOSI-kode	
Frisikt	H140	0,1
Ras- og skredfare	H310	0,6



Figur 33: Utsnitt plankart.

5.2 Generelle føringar for planområdet

5.2.1 Bustadmiljø/ bukvalitet

Naustområdet ved «Klubben» har vore i bruk av generasjonar, som har drive med fiske og aktivitet på sjøen. Viser også til kap. 4.1.3 for nærare skildring av det eksisterande naustmiljøet og bruken av dette. Det er viktig for tiltakshavar å bevare staden si historie og eigenart. I planarbeidet har ein spesielt hatt fokus på at nytt naust som ligg tett opp mot det gamle naustet på 8/4 og den gamle slippen skal vere ein «historiebyggjar» mot den aktiviteten som tidlegare har føregått i området. Det er allereie utarbeidd arkitektsskisser for dette naustet. Vidare har det vore ynskjeleg at framtidige nybygg her skal underordne seg omgjevnadene og vere

varsamt i møte med naturen og bygningsmiljøet kring. Planforslaget legg opp til ei vidare fortetting innanfor eit allereie etablert naustområde og etablering av fleire båtplassar. Det er lagt inn i føresegnene at nye naust og båtgarsje skal ha eit maritimt preg og vere best mogleg tilpassa tradisjonelle sjøhus og naust i Bømlo kommune. Dei nye bygga vil såleis passe godt inn i eksisterande bygningsmiljø.

5.2.2 Parkering

Krav til parkering i gjeldande kommuneplan er lagt til grunn. Planen legg opp til at parkering skal skje på eiga tomt eller på felles parkeringsplassar innanfor planområdet. Parkeringsplassane er plassert utanfor faresonane for ras- og skredfare. I tabellen nedanfor har ein lista opp korleis parkering er tenkt innanfor planområdet:

Tabell 3: Oversikt parkering.

Formål	Eining	Gnr/bnr	Tal på p-plassar	Parkering
UNB1	N1	8/4	1 stk.	PP1
UNB2		8/4	1 stk.	PP3
UNB3		8/26	1 stk.	PP2
UNB3		8/27	1 stk.	PP2
UNB4	N2	8/4	1 stk.	PP1
UNB4	N3	8/4	1 stk.	PP1
UNB5	N4	8/44	1 stk.	På eigen grunn ved naust.
UNB5	N5	8/52	1 stk.	PP1
UNB6	N6	8/4	1 stk.	PP1
UNB6	N7	8/4 / 8/63	1 stk.	PP1

5.2.3 Miljøoppfølging

Føresegnene set krav om at fyllingar og andre terrenginngrep skal der det er naturleg tilsåast/revegeterast med vegetasjon som er naturleg i området. Ved tilplanting/revegetering i planområdet skal det ikkje nyttast giftige planter, eller framande artar kategorisert i dei to øvste risikokategoriane i norsk framandartsliste. Tilførte massar må vere reine og fri for framande skadelege plantar. Føresegnene set vidare krav til at det ved utbygging ved sjø og ved utfylling i sjø skal nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd.

5.2.4 Universell utforming

Føresegnene gir at krav til universell utforming i gjeldande byggteknisk forskrift skal leggjast til grunn. Det er ikkje særskilte krav til universell utforming for naust.

5.2.5 Uteopphaldsareal

Det er ikkje krav til uteopphaldsareal for den typen bygg som planen opnar for (naust). Planen legg likevel opp til at areal på kai framom naust skal haldast ope for ålmenta. Føresegnene set krav om at det ikkje skal kunna settast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vera til hinder for ålmenta si ferdsel i området.

5.3 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (SMS1-5)

Innanfor området kan det etablerast brygger (faste og flytande), båtopptrekk og båtfeste for småbåtar. Totalt er det tillate 5 stk. nye flytebrygger innanfor planområdet. Flytebryggjer kan etablerast med landgang og utriggarar. Det skal leggjast til rette for maks. to båtplassar per naust. Nye flytebrygger skal maks vere 15 m²

og ha maks 2,5 meter breidde. Flytebryggene skal ikkje hindre fri ferdsel til, eller fortøying av båtar, for tilgrensande eigedomar (tilflot). Anker og ankerstreng kan gå ut over arealføremålet, men skal ikkje hindre fri ferdsle.

Småbåtanlegga skal vera til bruk for nausteingane knytt til småbåtanlegget. Allereie etablerte kaiar, brygger og flytebrygger kan vidareførast, og vedlikehald av desse er tillate.

SMS1:

Innanfor SMS1 kan det etablerast 1 stk. flytebrygge til bruk for N1 innanfor UNB1.

SMS2:

Innanfor SMS2 er det eit eksisterande båtopptrekk/slipp som skal liggje som i dag.



Figur 34: Eksisterande båtopptrekk/slipp innanfor SMS2.

SMS3:

Innanfor SMS3 kan det etablerast to nye flytebrygger; ei til bruk for eksisterande naust på gbnr. 8/27 innanfor UNB3 og ei til felles bruk for N2 og N3 innanfor UNB4. Det er også ein eksisterande kai/bryggje til bruk for eksisterande naust innanfor UNB2 og ei eksisterande flytebryggje til bruk for eksisterande naust på gbnr. 8/26 innanfor UNB3 som skal vidareførast.



Figur 35: T.v.: Eksisterande fast kai til bruk for eksisterande naust innanfor UNB2.



Figur 36: T.h.: Eksisterande flytebrygge for eksisterande naust innanfor UNB3.

SMS4:

Innanfor SMS4 kan det etablerast 1 stk. ny flytebrygge. Flytebryggja skal vere felles for naust N4 og N5 innanfor UNB5.

SMS5:

Innanfor SMS5 kan det etablerast 1 stk. ny flytebrygge. Flytebryggja skal vere for naust N6 innanfor UNB6. I tillegg kan det leggjast båt i sjø langs kai for naust N7 innanfor UNB6.

5.4 Naust (UNB1-6)

Innanfor områda UNB1-UNB6 kan det førast opp naust. Det er 3 stk. eksisterande naust innanfor området i dag. I tillegg opnar planforslaget for at det kan etablerast 7 stk. nye nausteiningar.

Talet på naust innanfor områda UNB1-UNB6 er fylgjande:

UNB1: 1 stk. (1 nytt)

UNB2: 1 stk. (1 eksisterande)


UNB3: 2 stk. (2 eksisterande)

UNB4: 2 stk. (2 nye)

UNB5: 2 stk. (2 nye)

UNB6: 2 stk. (2 nye)

Eksisterande naust på gbnr. 8/4 tilhøyrer hovudbruket, og er eit naust frå 1955 som står på ca. 150 år gamle murar. Konstruksjonen er grindverk, med liggjande kledning og med jord/strandgolv.



Figur 37: Eksisterande naust på gbnr. 8/4.

Naustet er plassert lågt i terrenget, på ca. kote +0,2. Dette gjer at det titt og ofte flør inn i naustet, noko som gjer at det ikkje eignar seg så godt til oppbevaring av utstyr. Grunnflate er ca. 4 x 7 meter, altså ca. 28m². Det er ikkje ynskjeleg å rive det eksisterande naustet, så planforslaget legg opp til at det skal vidareførast.

Nausttomtane 8/26 og 8/27 vart skilt ut i 1972 og nausta sto ferdige ca. I 1980. Naust på 8/26 vart påbygd ca. 15m² i 2003, slik at det no har ei grunnflate på ca. 65m². Taka på begge nausta vart skifta i 2007 grunna lekkasje. Taket på 8/27 vart då forlenga med ca. 3m for å stå i stil med nabonaustet. Naustet på 8/27 er framleis 40m² i grunnflate som det var opphavelig, berre taket og arealet over bjelkelaget er forlenga. Dei to nausta har eit møne som ligg på ca. kote +6,7. Planforslaget legg opp til at dei to nausta vert vidareført, og det er lagt inn i føresegnene under §3.2.2 at dei kan renoverast og vedlikehaldast til den storleiken dei har i dag. Ved ev. riving og oppføring av nybygg innanfor UNB2 og UNB3, skal føresegnene i pkt. 3.2.3 gjelde.

Nausta er i dag bygd utanfor eigedomsgrensene mot aust, og ein ser føre seg å gjennomføre ei grensejustering av gbnr. 8/26 og 8/27 etter at planen er godkjend.



Figur 38: T.v.:Eksisterande naust på gbnr. 8/26 og 8/27.



Figur 39: T.h: Biletet viser korleis takutstikket på naustet på gbnr. 8/27 er forlenga i bakkant for å stå meir i stil med nabonaustet.

Planforslaget opnar for ei fortetting, der det til saman vert opna for 7 nye naust innanfor UNB1-6. Ein har hatt fokus på å legge inn grøntområde mellom og i bakkant av naustområda der dette er naturleg, for å sikre ålmenta sin tilkomst til, og areal til opphald, i strandsona. Vikene som er eigna for bading og strandopphald i dag, er lagt inn som grøntstruktur i plankartet. Føresegnene gir at det ikkje skal settast opp gjerde/levegg eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vera til hinder for ålmenta si ferdsle i området. Vidare har ein hatt fokus på å verne om det eksisterande bygningsmiljøet kring det gamle naustet på gbnr. 8/4, og den aktiviteten som tidlegare har føregått på staden.

Rune Fauskanger, som etter kvart skal overta hovudbruket på gbnr. 8/4, samlar på gamle gjenstandar knytt til kystkultur og fiske på vestlandet. Han har behov for ein eigna stad for å oppbevare desse gjenstandane, og ynskjer difor å byggje eit nytt gardsnaust for hovudbruket, då det eksisterande naustet på gbnr. 8/4 ikkje eignar seg for slik oppbevaring. Det er ynskjeleg for familien, som har lange tradisjonar knytt til området kring det eksisterande naustet og slippen, å plassere det nye naustet (N1) i tilknyting til dette området. Naustet er plassert til høgre for vika med den eksisterande slippen, ut mot det bratte bråtet. Området som er valt for plassering av N1 er ikkje urørt i dag. Området har blitt brukt til lending av båtar i lange tider og i same område har det tidlegare stått to saltboder til oppbevaring av utstyr og salta fisk. Desse vart seinare flytta, men på grunn av den tidlegare aktiviteten som har føregått her, ser ein dette som ei naturleg plassering av det nye naustet. Tiltakshavar ser føre seg eit enkelt fiskenaust som underordnar seg omgjevnadene og varsamt imøtekjem naturen og det eksisterande bygningsmiljøet.



Figur 40: Skisse som viser korleis tiltakshavar ser føre seg at det nye naustet N1 skal tilpassast det eksisterande bygningsmiljøet.

Tanken er at det nye naustet skal ramme inn vika mellom det gamle naustet og nybygget på ein fin og naturleg måte. Det nye naustet er plassert med gavlveggen ut mot fjorden, slik som dei eksisterande nausta i området. På grunn av svært bratt terreng vidare sør for det planlagde naustet med fjellvegg som går rett ned i sjøen, vil det ikkje stenge for tilkomst vidare for ålmenta.

Nordvest for 8/26 er det frådelt nokre nausttomtar i dag (gbnr. 8/44, 8/52 og 8/63). Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast naust på desse tomtane. Gbnr. 8/63 er svært liten, og ein ser difor føre seg å gjennomføre ei grensejustering av gbnr. 8/63 etter at planen er godkjend. I tillegg legg planforslaget opp til at det kan etablerast nokre fleire naust på hovudbruket i dette området. Desse nausta er tiltenkt borna til dagens eigarar av hovudbruket (gbnr. 8/4), som ein del av eit arveoppgjer. Det er ikkje tenkt at desse skal seljast ut av familien. I desse områda er det allereie etablert fyllingar i strandsona og nokre halvferdige kaiar/moloar. Det er difor ynskjeleg å etablere ein meir samanhengande og heilskapleg kaifront som fundament for dei nye nausta. Føresegnene gir at bryggefrontane skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vera av same utforming/materiale innanfor same område. Brygge/kai skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold kan kaiane/bryggene etablerast på fylling. Fylling/fyllingsfot skal ikkje hindre tilflott til kringliggande kaiar/brygger.

Naust er definert som eit uthus; ein bygning i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskapar. Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad. Utforming skal vera i samsvar med byggeskikk for naust i området. Utforming og storleik på enkle nye naust er i samsvar med kommuneplanen sine krav. Nye enkle naust kan etablerast med maks. tillate bruksareal 40 m² (BRA). Nausta skal ha saltak med takvinkel 35-45 grader og ha maks. mønehøgde 5 meter målt frå ferdig golv. Takutstikk skal vera knappe, og det er ikkje tillate med takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Det kan godkjennast toalett og dusj. Maks storleik på våtrom er 4m². Isolasjon, sløyebenk og vask er tillate. Det er krav om 1 p-plass pr. naust. Parkering er tenkt løyst på eiga tomt eller på felles parkeringsplassar innanfor planområdet. Viser til pkt. 5.2.2 for nærare skildring av korleis parkering er tenkt løyst.

I følgje nettsida seahavn.no er det for Klubbavika sett eit anbefalt planleggingsnivå på 180 cm for byggverk i sikkerheitsklasse 1, 190 cm for byggverk i klasse 2, og 200 cm for byggverk i klasse 3 ved normalnull 2000 (jf. TEK17). Dette bør leggjast til grunn for vurderingar kring høgder for naust i planområdet. Det er difor lagt inn i føresegnene at nye naust skal plasserast med overkant golv i 1. etg. på min. kote +1,8 for å hindre skadar på byggverk ved stormflo.

5.5 Køyreveg (o_KV1, KV2)

Viser til kap. 4.6 for skildring av eksisterande trafikksituasjon og vegar. Planforslaget legg ikkje opp til etablering av nye tilkomstvegar utover dei som allereie går i området i dag, men ein vil leggje om KV2 litt nede i naustområdet.

O_KV1 omfattar eksisterande kommunal veg, *Finnåsvegen* (Fv 4996). Denne vegen skal liggje som i dag.

KV2 er eksisterande privat køyreveg som stort sett skal ligge som i dag, men må leggjast litt om og trekkjast lenger inn mot fjellet i bakkant av dei planlagde nausta for å unngå for store fyllingar i sjø. Ein legg også opp til at det skal lagast ein skikkeleg snuhammar i enden av køyrevegen. Her er det etablert ei fylling og ein slags molo i dag. Her ser ein også føre seg å kunne dra opp båtar på land. Føresegnene gir at vegen skal vere køyresterk og grusa, men at den kan ha eit grønt preg (isådd), som den også har i dag. Vegen er felles for tilgrensande eigedomar og dei som har vegrett.

Vegane skal vere opne for ålmenta. Føresegnene gir at eksisterande vegar kan vedlikehaldast etter behov.

5.6 Gangveg/gangareal (GG1-3)

GG1 skal opparbeidast som privat felles gangveg. Regulert breidde er 2,0m. Gangvegen kan opparbeidast med grus, men kan vere isådd for eit grønt preg. Gangvegen skal vere open for ålmenn ferdsle. Gangvegen skal gje tilkomst til nye naust N5-N7.

5.7 Annan veggrunn – grøntareal (o_AVG1-3, AVG4-6)

Areal for annan veggrunn skal nyttast som grøntareal for vegane i planområdet. Områda kan nyttast til blant anna snølagring, vegutviding, avkøyrslar, grøfter, murar, skråningar, skjeringar.

5.8 Parkeringsplassar (PP1-3)

Områda PP1-3 skal opparbeidast som grusa parkeringsplassar, og skal nyttast til parkering for naust innanfor planområdet.

Viser elles til pkt. 5.2.2 kor ein har synleggjort korleis parkering er tenkt løyst innanfor planområdet.

5.9 Blågrønnstruktur (BG1-6)

I områda BG1 – 6 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde, og eksisterande terrengform og vegetasjon skal så langt som råd takast vare på. Områda skal vere ålment tilgjengelege. Det kan godkjennast enkle trapper og konstruksjonar i områda for å gje tilkomst til naust og/eller båtplassar. Trappene skal vere reversible tiltak. Det kan tillatast framføring av vatn- og avlaupssystem i områda.

5.10 Friluftsområde i sjø og vassdrag (FLV1-6)

Områda FLV1-6 skal vere fritt tilgjengeleg for ålmenta og kan nyttast til sjø- og vassdragsaktivitetar. Det er ikkje tillate med nye tiltak som kan hindre eller øydeleggje for friluftaktivitet.

5.11 Omsynssoner

5.11.1 Frisiktzone (H140)

Det er synt frisiktsoner i alle kryss i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100. I frisiktsona skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan. Krav til sikkerheitssoner sett i Statens vegvesen si handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder må vere tilfredsstilt.

5.11.2 Ras- og skredfare (H310)

I samband med planarbeidet er det gjennomført ei skredfarevurdering. Sjå vedlegg. Området er vurdert av Skred AS, og det er lagt inn faresonar i plankartet for ras- og skredfare med årleg sannsyn $\geq 1/100$ jf. utført skredfarevurdering. Innanfor faresona er det forbod mot tiltak i sikkerheitsklasse S1-3 før området er dokumentert trygt i samsvar med skredfarevurdering datert 08.11.2022. Det kan vere trong for sikringstiltak (t.d. fjellreinsking og bergboltar/band/nett) eller terrengendringar slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige. Etablering av veg og vatn- og avlaupssystem er tillate innanfor faresona.

5.12 Rekkefølgjekrav

Det er sett følgjande rekkefølgjekrav for å sikre etablering av viktige infrastrukturtiltak ved realisering av tiltak i planen:

- Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye naust må tilhøyrande avkøyrslar, tilkomstveg, siktsoner, gangveggar og parkeringsplassar vere opparbeidd i tråd med godkjend plan.
- Teknisk plan for veg, vatn, avlaup, overvatn og sløkkjevatn skal godkjennast av BVA og Bømlo kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor området.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp:

Eksisterande naust innanfor planområdet er ikkje tilkopla vatn eller avlaup i dag. Det er heller ikkje planar om innlagt vatn eller avlaup i framtida.

Det er planar om etablering av ein utvendig vasspost på moloen. Denne skal tilkoplast via sjøleidning til offentleg vasskum-/leidning som ligg i vest. Tilkoplingspunktet er avklara med BVA og opplegget er synt på overordna VA-plan som ligg vedlagt. Denne VA-planen viser prinsippet og ei mogeleg løysing for VA-tilkopling. Planen kan endrast i samband med detaljplanlegginga.

Anlegget for vatn vert privat.

Overvatn:

Overvatn vert ført til terreng/sjø.

Straum:

Eksisterande privat linje på gbnr. 8/4 har nok kapasitet til byggjestrøm for dei planlagde nausta i byggjeperioden. Det er ikkje planlagt separate tilkoplingar til hovudnettet. I framtida kan ein vurdere separate solcelleanlegg for eksempel integrert i taktekinga ved behov, men det er då viktig at ein unngår at dette blir visuelt skjemmande.

Renovasjon:

Det er ikkje sett av areal til plassering av bossdunkar på tømedagen innanfor planområdet. Det er lagt opp til at brukarane av området lyt ta med seg eige avfall. I dag er det fleire av brukarane som nyttar seg av hyttecontainer på Spissøy. Dette fungerer bra i dag.

5.14 Planlagde offentlege anlegg

Planen omfattar ingen nye vegar som skal overtakast av kommunen. VA- anlegget skal også vere eit privat anlegg.

6 Konsekvensutgreiing


Det er ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing for planarbeidet. Viser til kap. 1.6.

7 Verknader av planframlegget

7.1 Overordna planar

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger og statlege planretningslinjer for strandsona

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen. Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av planen. I plankartet er det fastsett 14 arealsoner for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne (arealsone landskapsområde). Planområdet ligg innanfor arealsone landskap (nr. 4), *Børøyfjorden med kanalane*, med regionale verdiar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne.



Figur 41: Utsnitt frå plankart i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som viser Børøyfjorden med kanalane registrert som arealsone landskap (nr.4). Raudt kryss viser plasseringa av planområdet.

Følgjande skildring er gitt av det registrerte området i den regionale kystsoneplanen:

4 Børøyfjorden – Kanalane (Bømlo kommune)

Deler av området er omfatta av omsynssone for natur i kommuneplanen. Det er fleire registreringar av viktige (verdi B) og lokalt viktige (verdi C) naturtypar innanfor området, og det er fleire gytefelt innanfor sona. Det ligg eit anadromt vassdrag innanfor sona. Den austlege delen av området er registrert som kulturminnerik strandsone, og den sørlege delen av sona har potensiale for marine kulturminne. Området har fleire statleg sikra friluftsområde, og store deler av området er registrert som svært viktige (verdi A) og viktige (verdi B) regionale friluftsområde. Store deler av sona er omfatta av omsynssone for friluftsliv i kommuneplanen for Bømlo. Landskapet i området er registrert med stor og middels verdi.

Den regionale kystsoneplanen seier at innanfor slike arealsonar skal nye tiltak tilpassast til- og ivareta verdiane. Under pkt. 3.7 i den regionale kystsoneplanen står det vidare at:

«Dei regionalt viktige områda omfattar m.a. landområde som i gjeldande kommunale planar er avsett til utbyggingsføremål på land. Det er presisert i retningsline 1.4 at tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar gjeld uavhengig av den regionale planen. Kartfestinga inneber ikkje i seg sjølv eit vern, men at desse områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Det er ikkje eit mål å legge lokk på lokal utvikling, men at det i områda må vera ei tilpassa utvikling tufta på berekraftprinsippet, og med omsyn til dei registrerte verdiane. Avgjerande moment er omsyn før bruk, tilpassa bruk og utvikling, samt skjøtsel gjennom bruk. I konkrete saker må kommunane gjera ei vurdering av om tiltaka sin karakter og omfang vil redusere verdiane, og ut frå dette gjera vedtak i saka».

Den regionale kystsoneplanen legg føringar for kommunal planlegging, og for utbygging i strandsona, som t.d.:

- Fortetting i eksisterande utbygde område med omsyn til lokale tilhøve
- Strandsona er definert som 100-metersbeltet frå sjø/område fastsett som funksjonell strandsone
- Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert
- Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar.
- Brygger skal ikkje byggjast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen, Brygger bør etablerast utan store, irreversible inngrep
- Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land. Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar
- Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreist som bustad/ fritidsbustad. Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, bodar, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda bør det utarbeidast reguleringsplan.
- Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggast for allmenn ferdsel ved nye naust og over brygger der det er mogleg. Det er ikkje tillate med nye gjerde/levegg eller andre stengslar i naustområde

Kva gjeld reguleringsplanar i strandsona, står det i planen at det er svært viktig at arealbruken er avklart i kommuneplanen. Dette er forsterka i statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona. Området er i kommuneplanen avsett til naust, slik at planforslaget er i tråd med arealføremål i overordna plan. Reguleringsplanen har hatt fokus på å sikre grøne verdiar, og ålmenta si tilgang til strandsona.

Planen legg opp til ei fortetting i eit område som allereie er utbygd med naust og som ligg tett opp mot eksisterande bustader. Planen set vidare vilkår om estetikk, form, volum og stiluttrykk på nye naust. Vidare legg

planen til rette for fritt tilgjenge til sjø og langs sjø i planområdet, i tråd med friluftsløva der allemannsretten er tufta. Det er ikkje tillate å sette opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vera til hinder for ålmenta si ferdsel i desse områda. Det er fleire private flytebrygger og båtplassar i området i dag, men ein har forsøkt å samle ein del av dei nye båtplassane i fellesanlegg, kor fleire naust deler på ei bryggje i staden for å ha ei kvar. Målet er at dette skal opplevast mindre privatiserande. Føresegnene gir at kaiar skal vera opne for allmenn ferdsle, og det er lagt til rette for ferdsle både føre og bakom nausta. Dette er i tråd med den regionale kystsoneplanen.


Viser elles til kartlegging av strandsoneverdiane i området, kap. 7.3.

Kommuneplanen:

Bømlo kommune har i arbeidet med kommuneplanen føreteke arealvurderingar på kva område som kan byggjast ut, og kva for område som har særskilte verdiar som må takast vare på. Planområdet er i kommuneplanen vurdert som eit utbyggingsområde, der areala omfatta av detaljreguleringa er avsett til naust, LNRF-areal og spreidde bustader. Sjøområda er i kommuneplanen vist som område for *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona*. Området er del av etablert naustområde i Klubbavika, og det er opparbeidd infrastruktur til planområdet.

Planlagd utbygging føl i stor grad rammene som er sett i kommuneplanen, men avviker på følgjande punkt:

- Alle naust i planen er plassert innanfor det området som er avsett til dette føremålet i kommuneplanen, men nokre av dei eksisterande og planlagde flytebryggene stikk litt ut i området som er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona. Dette må til for å få eksisterande godkjende bryggjeanlegg innanfor rett arealformål, samt oppnå tilfredsstillande djupneforhold for nye bryggjeanlegg og unngå for store terrenginngrep i bakkant av planlagde naust. Føresegnene sikrar at bryggjeanlegga ikkje skal vere til hinder for fri ferdsel i sjø.
- Parkeringsplassane PP1 er plassert innanfor eit område som i kommuneplanen er vist som LNRF-areal. Dette er som nemnt gjort for å unngå for mykje trafikk, veg-/trafikkareal og terrenginngrep i naustområdet og framme på kaiareala. Denne plasseringa vil også gjere at parkeringsplassane i stor grad vert liggjande i bakkant av Storeklubben, og såleis ikkje vert eksponert frå sjø. Delar av PP3 vert også liggjande i LNRF-areal, men dette er ei mindre tilpassing.



Figur 42: Utsnitt som viser korleis planforslaget ligg i høve til avsette arealføremål i gjeldande kommuneplan.

- Eksisterande naust på gbnr. 8/26 og 8/27 er større enn 40m², og ein vil legge opp til at dei skal vidareførast i reguleringsplanen med den storleiken dei har i dag. Føresegnene gir at alle nye naust skal vere i tråd med krav til storleik og utforming gitt i kommuneplanen.
- Kommuneplanens føresegn §4.4.1 gir at naust og tilhøyrande kai ikkje kan byggjast lengre ut enn 3 meter frå kystkonturen. I planforslaget er føremåla UBN4-UBN6 trekt noko lenger ut enn 3 meter frå eksisterande kystkontur. Dette er gjort for å unngå store terrenginngrep i bakkant av nausta og for å unngå å plassere naust innanfor omsynssona for ras- og skredfare. Det vart i oppstartsmeldinga varsla om dette avviket frå kommuneplanen, og ein har ikkje motteke merknader i samband med oppstartsvarelet som vedkjem dette.
- Kommuneplanens føresegn §4.1.4 opnar for at det innanfor naustføremål kan byggjast landfast flytebryggje med landgang, utliggjar og kai. Maks storleik på flytebryggje er sett til 15m² og maks breidde 2,5m. Det er ei eksisterande flytebrygge i området i dag som er større enn det kommuneplanen opnar for. Planforslaget opnar for at eksisterande bryggjer kan vidareførast med den storleiken dei har i dag.

7.2 Topografi og landskap


Viser til kap. 4.1 for skildring av dagens situasjon. Viser også til kap. 7.1, kor det går fram at planområdet ligg innanfor arealsone landskap (nr. 4), *Børøyfjorden med kanalane*, med regionale verdiar knytt til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Området ber preg av inngrep i dag, med naust, kaiar, bryggjer, slipp, fyllingar, murar og køyreveg. Det er også etablerte bustader tett på planområdet. Områda lengst nede i strandlinja som ein ynskjer å fortette med naust og tilhøyrande kaiar/småbåtanlegg, består av planerte flater med natursteinsmurar ut mot sjø. Generelt har ein forsøkt å plassere nye tiltak slik at ein unngår større terrenginngrep.



Figur 43: Eksisterande naustområde sett frå sjø. Kjelde: 3d- kommunekart.


Naust N1 er plassert på ei allereie etablert flate sør for den eksisterande slippen. Terrenget stig bratt i bakkant, og naustet er plassert ut mot det bratte bråtet her. Det er ikkje mogleg å ta seg frå Klubbavika og vidare ut på Storeklubben på grunn av den bratte fjellveggen som går rett ned i sjøen her.



Figur 44: Biletet er teke frå eksisterande kai på gbnr. 8/4 mot området kor N1 skal etablerast.

Området kor naustet er tenkt plassert er allereie planert, og det vil ikkje vere behov for noko avansert omarbeiding av tomt eller tilkomst i samband med etableringa av naustet her. I møte med tomte ynskjer tiltakshavar at det framtidige nybygget skal underordne seg terreng og omgjevnader, og at nybygget skal ha eit uttrykk som er varsamt i møte med naturen og det eksisterande bygningsmiljøet her. På denne måten vil det nye naustet ramme inn vika med det eldre naustet og slippa på ein fin måte. Høgareliggjande terreng i bakkant hindrar silhuettverknader.

Naust N2-N7 er plassert i området nordvest for eksisterande naust på gbnr. 8/26. Også her er det allereie eit planert areal i strandlinja med kaifront i naturstein. Eksisterande tilkomstveg går i bakkant av dei eksisterande nausta og heilt ut til den fradelte nausttomta på gbnr. 8/63. I bakkant av den eksisterande tilkomstvegen er det opp mot 20 meter høge fjellskrentar.



Figur 45: Biletet er teke frå den eksisterande flytebyggja på gbnr. 8/26 og viser området kor N2-N7 er tenkt plassert.


Dei nye nausta med ny kaifront er trekt noko lengre ut i sjø enn eksisterande kystkontur. Dette er gjort for å unngå store terrenginngrep i fjellet i bakkant, sikre tilkomst i bakkant av nausta, for å få etablert ein skikkeleg

snuhammar i enden av eksisterande tilkomstveg og for å unngå at dei nye nausta og parkeringsareala vert liggjande innanfor område med ras- og skredfare. Føresegnene gir at det kan etablerast brygge/ kai som fundament for nye naust innanfor området, som skal vere opne for ålmenn ferdsle. Bryggjefronten skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vere av same utforming/materiale innanfor same område. Føresegnene gir vidare at brygge/kai fortrinnsvis skal etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold kan kaiane/bryggene etablerast på fylling. Sjølv om dei nye kaifrontane er trekt litt lenger ut i sjø enn eksisterande kystkontur/murar, sikrar såleis føresegnene at ein bevarer same uttrykket som i dag med frontar i naturstein og treverk.

Parkeringsplass PP1 vil krevje noko terrenginngrep i form av terrengmur og oppfylling av massar. Dette området ligg langs den eksisterande tilkomstvegen, og parkeringsplassen vil i stor grad verta skjult av Storeklubben slik at den ikkje vert direkte eksponert frå sjø.

Den planlagde utbygginga vil vere ei fortetting i eit område som allereie ber preg av tiltak og menneskeleg aktivitet. Området vil etter utbygging få eit fint og maritimt preg som vil passe godt inn med eksisterande naust og kaiar i det etablerte naustmiljøet. Eksisterande naust på gbnr. 8/26 og 8/27 er relativt store. Dei nye enkle nausta vil halda seg innanfor den storleiken som kommuneplanen opnar for og vil ikkje skilje seg ut i høve til eksisterande einingar i nærområdet. Føresegnene gir tydelege krav om estetikk, farge, form, volum og stiluttrykk på nye naust.

Dei nye tiltaka i strandlinja vil vere eksponerte frå sjø, men på grunn av eksisterande holmar, mindre skjer i vest og Storeklubben i sør, er direkte innsyn til naustområdet avgrensa. Dette gjer også at fjernverknadane av planforslaget vert minimale.



Figur 46: Planområdet sett frå Klubbesundet med Storeklubben i front, som i stor grad skjermar for direkte innsyn til planområdet frå sør og aust. Kjelde: 3d- kommunekart.



Figur 47: Planområdet sett frå sjø like aust for Slåttebleikja. Berre delar av eksisterande tilkomstveg og naustområdet er synleg herfrå. Kjelde: 3d- kommunekart.



Figur 48: Planområdet sett frå sjø like aust for Askhusholmen i nord. Kjelde: 3d- kommunekart.

Nærverknaden sett i lys av dagens situasjon vil endrast, men grepa tekne i føresegnene vil avgrense verknadane. Bakanforliggjande landskap og eksisterande topografi og vegetasjon vil dempe uttrykket og hindre silhuettverknader. Planen legg ikkje opp til at nye bygningar skal plasserast på høgdepunkt eller framtrudande nes. I den grad området har karakteristiske landskapstrekk, så vert ikkje desse vesentleg endra av planforslaget. Den planlagde utbygginga er vurdert til å ha avgrensa negativ verknad kva gjeld landskap (fjernverknad). Alle nye utbyggingar vil få ein viss nærverknad, men krav til landskaps- og terrengtilpassing sett i planen vil minimere denne effekten.

Konsekvensar for naboar

Det ligg nokre eksisterande einebustader langs tilkomstvegen (KV2). Tilkomst til eksisterande bustader vil vere uendra. Ei auke i talet på nausteiningar i Klubbavika vil kunne generere noko meir trafikk på tilkomstvegen, men ein reknar auken for å vere marginal sidan dei fleste eigarane av dei nye nausta allereie er eigarar av eksisterande einebustader i området. Sol- og utsiktstilhøve for eksisterande naust og tilgrensande bustader vil vere uendra.

7.3 Strandsone og vassdrag

Viser til vedlagd plankart med tilhøyrande føresegner, samt kap. 5.0 i dette dokumentet for komplett skildring av planframlegget. Viser også til kap. 4.1.4.

Med unntak av eit strekke på ca. 25m lengst sør i strandlinja, ber heile strandlinja preg av fysiske inngrep i dag i form av etablerte naust, kaiar, eller fylling med oppmurt kaifront i naturstein.



Figur 49: Dronebilete som viser etablerte tiltak i strandlinja med innteikna polygon som viser ca. kva område ved sjø som er omfatta av plangrensa. Kjelde Skred AS, 2022).

Planen legg ikkje opp til at det skal etablerast tiltak i urørt strandlinje, men opnar for at det kan etablerast ny kaifront noko lengre ut enn den eksisterande kystkonturen i dei områda som skal byggjast ut med naust med tilhøyrande småbåtanlegg.

Jf. Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2020), skal strandsona ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som lokalressurs for lokalmiljøet med fokus på landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging. Store delar av planområdet ligg innanfor 100- metersbeltet til sjø, og kan såleis definerast som strandsona.

Viser til skildring av eksisterande verdiar og vurderingar av planforslaget sine konsekvensar for landskap (kap. 4.1 og 7.2), biologisk mangfald/ naturmangfald (kap. 4.3 og 7.5), friluftsliv (kap. 4.5 og 7.7) og kulturminne/kulturmiljø (kap. 4.2 og 7.4). Når det gjeld andre ålmenne interesser i strandsona innanfor planområdet, så er det ingen kjende ålmenne interesser i området, som t.d. landbruk, kjende kaste- og låssettingsplassar eller leike-/opphaldsareal for born og unge. Det er heller ingen offentlege areal eller kai innanfor plangrensa, og området sine avstand til skule/ barnehagar gjer at det ikkje er attraktivt til bruk som læringsarena. Det er etterspurnad etter naust og båtplassar i området, og i kommuneplanen sin samfunnsdel er «båtplassar til alle» trekt fram som ein strategi for å nå målet om at Bømlo kommune skal satse på attraktive sjønære bustad- næring- og friluftsområde.

Vurdering/ konklusjon

Planen opnar for fleire tiltak i strandsona, hovudsakleg i form av ei fortetting av naust med tilhøyrande kaiar og småbåtanlegg. Strandsoneverdiane er likevel teke omsyn til og sikra gjennom arealføremål og føresegner, jf. omtale og vurdering i delkapitla som er nemnd over.

Utbygginga er lokalisert i eksisterande naustområde, der det i frå før er etablert infrastruktur, bygningar og andre tiltak i strandsona, som utfylt areal, kaiar og bryggeanlegg. Plassering av naust er forankra i gjeldande kommuneplan i området, og vil kunne medverke til å dempe framtidig utbyggingspress på andre nærliggjande område.

I samsvar med *statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*, har ein lokalisert utbygginga til eit område som er utbygd frå før, og samstundes forsøkt å ivareta eksisterande interesser og verdiar i området. Ein viser også til retningslinje 2.9 i *Kystsoneplanen*, som seier at utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Gjennom kunnskapsbasert vurdering har ein gjort greie for dei registrerte strandsoneverdiane i området. Oppsummert, så finn ein at det er ein registrert marin naturtype i sjø utanfor planområdet som må ivaretakast. Føresegnene set difor krav om at det skal nyttast reine massar ved utbygging ved sjø og ved utfylling i sjø. Vidare skal det vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd.

Det at området generelt utgjør leveområde for planter og dyr, gjer at det også innehar verdiar for naturmangfald. Allereie etablerte inngrep, stadvis bratt terreng ned mot sjø og undersolte areal gjer at delar av arealet i mindre grad har ålmenne interesser med omsyn til opphald og rekreasjon i dag.

Det er klart at planframlegget vil endre området si utforming og oppleving av det, men topografien i og i bakkant av planområdet gjer at landskapssilhuetten i større skala ikkje vil bli broten. Store delar av planområdet ligg skjerma bak Storeklubben og holmar og skjer i sjø, og fjernverknadane vert slik svært avgrensa. Nærverknaden sett i lys av dagens situasjon vil endrast, og området vil bli noko meir privatisert og nedbygd enn i dag. Samstundes meiner vi at naust ikkje på langt nær har same privatiseringsgrad som t.d. privateigde bustader og fritidsbustader. Krav sett i føresegnene for nye terrenginngrep og estetikk for ny utbygging vil bidra til å minske dei negative verknadane av utbygginga. Vidare er ålmenta si ferdslé i strandsona sikra i føresegnene, som det ikkje skal kunne setjast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona som kan vere til hinder for ålmenta si ferdslé i strandsona her. Vidare gir føresegnene at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor nausta og mellom naust/naustgrupper. Planen sikrar også forbetra tilkomst til området med bil, ved at ein legg til rette for ein skikkeleg snuhammar i enden av køyrevegen. Dette i tillegg til at regulerte grøntareal og vegar skal vera opne for ålmenta. Planforslaget legg også opp til ein viss grad av fellesløysingar, i tråd med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Viser elles til pkt. 7.1.

Planområdet er vist som område for naust i kommuneplanen, og reguleringsplanen er i det vesentlege i tråd med overordna plan. På Bømlø er også tilgjenge til sjø og båtliv ein viktig faktor for å auke busetnaden i kommunen. Naust og småbåtanlegg vil legge til rette for fritidsfiske i området. Planlagde tiltak legg også til rette for friluftsliv, bading og for nærleik til sjø, som t.d. fiske i frå kaikanten og krabbeleiting i strandkanten.

7.4 Kulturminne og kulturmiljø, ev. verneverdi

Viser til kap. 4.2. Planforslaget er ikkje i konflikt med viktige kulturlandskap eller kjende kulturhistoriske funn, kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygningar. I samband med fråsegn til oppstartsmeldinga, skreiv Vestland Fylkeskommune at på bakgrunn av topografiske tilhøve og at areala i stor grad er nedbygd frå før, blir området vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Vi vurderer at utbygginga ikkje vil få verknadar for kulturmiljø og kulturminne, då føresegnene tek i vare eventuelle ukjende kulturminne både på land og i sjø. Føresegnene gir at ved etablering av parkeringsplass PP1, så skal ein søkje å bevare eksisterande steingard i aust (sjå figur 16 og 17).

7.5 Naturmangfald

Viser til kap. 4.3. Naturmangfaldlova (nml.) set krav til at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp), og at vurderinga av desse skal gå fram. Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnadar ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.

Utbygging vil alltid ha negative konsekvensar for naturen. Heile strandlinja innanfor planområdet er sett av til byggjeområde for naust i gjeldande kommuneplan, og vi ser kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Utbygging innanfor planområdet vil i hovudsak ha verknad på naturmangfald gjennom arealbeslag og forstyrningar i anleggsperioden. Ein vurderer at potensialet for å finne særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse til å vera lågt, og artssamansetnaden innanfor planområdet til å vere generelt vanleg i kommunen.

Det er lagt inn i føresegnene at dersom det vert oppdaga framande artar som vurderast som høgrisikoartar etter anlegg er ferdig, må desse bekjempast/fjernast. Massar i frå planområdet som inneheld levande planterestar i frå framande artar bør fortrinnsvis brukast innanfor planområdet, som botnmassar under tette flater, og det skal leggjast duk over jordmassane for å avgrense spiringsevne. Vidare seier føresegnene at fyllingar og andre terrenginngrep skal der det er naturleg tilplantast/revegeterast med vegetasjon naturleg for området.

Den registrerte naturtypen i sjøområda er «*bløtbunnsområder i strandsonen*». Slike område kan vera svært artsrike, og mange artar lever nedgravd i sedimentet. Bløtbunnsområde er eit godt matfat for fugl og fisk og er rekna som viktige rasteplassar for trekkfuglar. Nokre av tiltaka i planen vil påverke mindre delar av naturtypen gjennom direkte arealbeslag. I tillegg vil tiltaka medføre forstyrningar i anleggsfase, og i ulik grad ved bruk av områda (t.d. småbåtanlegg). Blautbotnartar er i hovudsak stasjonære, og vert dermed direkte påverka av faktorar i dei områda dei lever. Tiltaka vil påverke delar av naturtypen negativt, særleg i anleggsfasen. Planframlegget opnar for fleire flytebrygger i området, og dette vil medføre forstyrningar for dei stasjonære artane som vert direkte påverka. Det er likevel ikkje grunn til å tru at dei planlagde tiltaka skal verka vesentleg negativt inn på den registrerte naturtypen. Den registrerte førekomsten er relativt stor (om lag 45 daa), og det er eit mindre område som vert direkte påverka. Det er allereie etablert nokre flytebrygger i området, og området er såleis ikkje urørt i dag. Føresegnene gir at det ved utbygging i sjø og ved utfylling i sjø skal nyttast reine massar, og at det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggjefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd.

Det er registrert eit gytefelt for torsk i Mosterfjorden, søraust for planområdet. Føresegnene gir at det ikkje skal utførast sprengingsarbeid i sjø i gyte- og oppvekstperioden til torsken (januar- april). Det er difor ikkje grunn til å tru at dei planlagde tiltaka vil verke negativt inn på gytefeltet.

På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade som følgje av planframlegget, ser me kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg, jf. nml. § 8. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilde vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar. Det er likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa under.

Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var-prinsippet ikkje skal anvendast, jf. naturmangfaldslova § 9. Vi er ikkje kjende med kommande arealplanar i nærleiken av planområdet, og følgeleg vil prinsippet om samla belastning i nml. § 10 bli tillagt mindre vekt. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12. Vi vurderer planen og tiltak etter den til ikkje å vere i konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova § 8-12. Konsekvensen for naturmangfaldet vert sett til liten negativ.

7.6 Naturressursar

Viser til kap. 4.4. Planen er ikkje vurdert til å ha konsekvensar for den fulldyrka- og overflatedyrka jorda som ligg i nærleiken av planområdet eller eventuelle andre naturressursar.

7.7 Friluftsliv og folkehelse, born og unge sine interesser

Viser til pkt. 4.5. Planområdet ligg like ved det kartlagde friluftsområdet; *Kanalane og sjøareal i nærleiken*. Strandlinja innanfor planområdet er allereie bygd ut med kaiar og bryggjeanlegg i tilknytning til dei eksisterande nausta her. Arealet innanfor planområdet er ikkje nytta til friluftsområde av ålmenta i dag, anna enn av dei som eig bustader langs den eksisterande tilkomstvegen og av dei som har naust og båtplassar i området. Dei nyttar området som utgangspunkt for båtliv, bading og fiske. Området i Klubbavika har vore nytta av Fauskanger-familien i samband med fiske i generasjonar, og det har også vore slipp og reparasjon av båtar i området tidlegare.

I samband med oppstartsmeldinga, skreiv Statsforvaltaren i Vestland at dei meinte naust N1 med tilhøyrande flytebryggje og den tidlegare innteikna bølgebrytaren ville bidra til privatisering kring stranda og vere til hinder for ålmenn ferdsle langs sjø ut mot neset i sørvest. På grunn av bratte fjellveggar ned mot sjø sør i planområdet, er det ikkje mogleg å ta seg frå planområdet og ut til neset i sørvest utan å bruke båt. Av same årsak, er det heller ikkje mogleg å ta seg nordover i strandlinja frå planområdet.



Figur 50: T.v.: Fjellvegg som hindrar ferdsel ut til neset søraust for planområdet.



Figur 51: T.h: Fjellvegg som hindrar ferdsel i strandsona nordover.

Vi er såleis ueinige med Statsforvaltaren i at N1 vil vere til hinder for ferdsle langs sjø her, då naustet er plassert ut mot bråtet her. Dette er heller ikkje eit område som er særleg attraktivt for ålmenta å opphalde seg på, då det er undersolt store delar av dagen. Vi er heller ikkje samd i at N1 vil bidra til auka privatisering av stranda, då føresegnene sikrar ålmenta sin tilgang i, til og langs sjø, noko som er viktig nettopp fordi området ligg tett opp mot det registrerte friluftsområdet *Kanalane og sjøareal i nærleiken*. Området kring stranda er i planen sett av til friluftsmål, og føresegnene gir at desse områda skal vere ålment tilgjengelege. Dei etablerte tiltaka i Klubbavika er ikkje tiltak som påverkar det som SSB definerer som «byggningsnært» eller «byggningspåverka» areal (sjå pkt. 4.1.4). Det same gjeld for nye planlagde tiltak innanfor planområdet. Det kjem av at naust med tilhøyrande småbåtanlegg ikkje har same privatiseringsgrad som t.d. bustader eller fritidsbustader. Føresegnene sikrar at gang- og køyrevegane i planen skal vere opne for ålmenn ferdsle. Dei sikrar også at det ikkje skal kunne setjast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona som kan vere til hinder for ålmenta si ferdsle i strandsona her. Vidare gir føresegnene at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdest framfor nausta og mellom naust/naustgrupper. Dette er i tråd med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona pkt. 6.2, som peikar på at moglegheita for ålment friluftsliv bør tryggast og forbeholdast i strandsona.

Omgrepet folkehelse har ingen overordna definisjon i Noreg, men det tyder dei levekåra som bidreg til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Folkehelse dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand, og omfattar tema knytt til folkehelsearbeid, lokalsamfunn/nærmiljø, oppvekst/læring, arbeid/arbeidsplassar og aktivitet/sosial deltaking. Med fokus på folkehelse er det viktig å leggja tilhøva til rette for fysisk aktivitet og god livskvalitet der folk bur. Eit område sitt utbyggingsmiljø vert påverka både av omkringliggjande tilhøve og dei konkrete løysingane innanfor det planlagde området. Gode utbyggingsmiljø legg til rette for god folkehelse. Samfunnet i øyane i Bømlo kommune har elles gode tradisjonar knytt til aktivitet i og i nærleik til sjø, og området har difor noko verdi knytt til sjøområdet, gjennom båtutfart. Båtliv og fritidsfiske er blant dei friluftaktivitetane som er mest utbreidd. Vi er ikkje kjende med at Klubbavika er eit målpunkt for andre sjøvegs. Dei eksisterande og planlagde småbåtanlegga i planen vil ikkje, etter vårt syn, hindre eller vanskeleggjer båtutfarten til, frå eller forbi området. Tvert om vil fleire få moglegheit til å ha båt i området og såleis få moglegheit til å drive med friluftaktivitetar på sjøen og få tilgang til det kartfesta friluftsområdet kring

Planforslaget er ikkje vurdert til å medføre negative konsekvensar for born og unge sine interesser. Det er ingen eksisterande leikeområde som vert omdisponert i planen. Planforslaget er heller ikkje til hinder for at ålmenta skal kunne ta seg til stranda aust for Storeklubben.

7.8 Trafikkforhold

Viser til kap. 4.6 for dagens situasjon. Planforslaget endrar ikkje på dagens vegsystem. Planområdet har vegtilkomst frå fv.4996 via *Finnåsvegen*. Det er ikkje registrert ulukker i området.

Dagens trafikk utgjer ein ÅDT på om lag 22, og består av personbilar. Vi har her rekna 3,5 turar pr. bustad og 1,5 turar pr. naust, som er basert på erfaringstal. Planforslaget opnar for ei auke i talet på nausteiningar i forhold til dagens situasjon, og difor er det venta at det blir noko meir trafikk i området. Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. Planforslaget opnar for at 7 nye enkle naust skal få tilkomst via den eksisterande tilkomstvegen. Dette svarar til ein ÅDT på 10,5. Totalt sett vil det altså berre bli ei marginal auke i trafikken på tilkomstvegen, og samla ÅDT etter utbygging er berekna til 32,5. Dei fleste eigarane av nausta vil truleg ha lokal tilknyting til området, og ofte ikkje ha behov for å nytta bil som transportmiddel til nausta. Den faktiske auken i ÅDT er difor truleg lågare enn berekna.

Det er ingen farlege kryss eller avkøyrslar innanfor området, og ein har lagt inn siktsoner i avkøyrsla inn mot Fv.4996 i plankartet etter Statens vegvesen si handbok N100 kap. 4.1.4 og 4.1.4.2. Siktsona måler 4x105m. Det er vurdert at det er tilfredsstillande sikt i avkøyrsla i dag.

Når det gjeld stigningsforhold i avkøyrsla frå fv.4996, så er maks stiging på dagens avkøyrsla 12,5%. Dette er i tråd med hb N100. Etter vegnormalen skal de første 2,0 metrane ha ein stigning på 2,5%. Her er dagens avkøyrsla noko brattare, men den fungerer bra.

Tilkomstvegen har låg ÅDT og bilistane vil halda låg fart. Dimensjonerande fartsgrense er 30km/t. Vegane innanfor planområdet vil difor framleis kunna nyttast av mjuke trafikkantar, så vel som køyrande. Det er difor ikkje vurdert at det vil vere trong for fortau.

Tiltak i medhald av planen vil ikkje ha verknad for kollektivtilbodet i den grad den gjev grunnlag for utvida tilbod, eller vidare tilrettelegging for kollektivtrafikk.

7.9 Teknisk infrastruktur

7.9.1 Parkering

Viser til kap. 5.2.1. Kommuneplanens krav til parkering er oppfylt innanfor det regulerte området.

7.9.2 Vatn, avlaup og overvatn

Viser til kap. 5.13.

7.9.3 Renovasjon

Det er hyttecontainer ved Spissøy. Det er i stor grad denne som vert nytta i dag. Svært avgrensa mengde avfall i naustområde.

7.9.4 Trafo/ straumkapasitet i området

Viser til kap. 5.13. Førebels ikkje planar om å legge inn straum i nausta.

7.10 Næring og tenester

Den arealbruken som planforslaget legg opp til vil ikkje medføre konsekvensar for skule- eller barnehagekapasiteten i området. Under prosjektering og i byggefasen vil det vera trong på arbeidskraft lokalt, i samband med oppføring av naust i området. Dette er positivt for lokalt næringsliv.

Det er ikkje registrert særskilte fiskeriinteresser i dette innanfor planområdet, men det er registrert eit gytetfelt for torsk i Mosterfjorden, søraust for planområdet. Føresegnene gir at det ikkje skal utførast sprengingsarbeid i sjø i gyte- og oppvekstperioden til torsken (januar- april). Det er difor ikkje grunn til å tru at dei planlagde tiltaka vil verke negativt inn på gytetfeltet.

7.11 Eigedomsinngrep

Eigedomstillhøva i planområdet er avklart og kartlagde. Planforslaget legg ikkje opp til at det skal gjerast eigedomsinngrep på eigedomar som er eigd av partar som ikkje er involvert i planen.

7.12 Klimaendringar og naturhendingar

Viser til kap. 4.11 for oversikt over registrerte naturfarar i planområdet.

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning set krav til planprosess og beslutningsgrunnlag i alle planar etter pbl. I planane skal ein vurdere konsekvensar av klimaendringar, der ROS-analyse er viktig for å vurdere om klimaendringar gir eit endra risiko- og sårbarheitsbilete knytt til utbygging i tråd med planen. Dette for å kunne førebyggja tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier. Vidare stiller Plan- og bygningslova §28-1 krav om tilstrekkeleg sikkerheit mot fare for nybygg og tilbygg:

«Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak.»

I samband med planarbeidet er det utført ei skredfarevurdering av området. Vurderingane er utført av Skred AS. Området er vurdert i forhold til bygningstypar i sikkerheitsklasse S1 og S2. Rapporten ligg vedlagd. I TEK17 er det spesifisert at samla sannsyn for alle skredtypar skal leggjast til grunn for vurderinga av årleg sannsyn. Følgjande skredtypar er vurdert i kartlegginga:

- Skred i fast fjell
- Skred i lausmassar
- Snøskred, inkludert sørpeskred


Rapporten som er utarbeidd av Skred AS, seier følgjande om skredfare og klimaendringar:

Spesielle værforhold er en dokumentert utløsende faktor for de fleste typer skred, og forekomsten av disse skredtypene vil naturlig bli påvirket dersom klimaet utvikler seg slik at ekstremt vær inntreffer oftere. Generelt vil et varmere og våtere klima kunne påvirke

frekvensen av jordskred, flomskred, snøskred og sørpeskred, men i hvilken grad skredaktiviteten vil endres i hver landsdel er uvisst.

Det er ikke mulig å beregne et «klimapåslag» for skredstørrelse eller skredutløp og så bruke dette i skredfarekartlegging. Klimautviklingen inngår dermed i en rekke usikkerhetsmomenter som det ikke finnes verktøy for å kvantifisere, men som vurderes skjønnsmessig når en utreder eller kartlegger skredfare.

Skredfarevurderinga konkluderer med at det under dagens terreng- og vegetasjonsforhold er faresonar med årleg sannsyn større enn 1/1000 og 1/100 innanfor delar av planområdet. Kartet nedanfor er henta frå skredfarevurderinga som ligg vedlagt, og viser plasseringa av faresonane innanfor området.



Figur 52: Kart med aktuelle faresonar for skred for sikkerheitsklasse S1 (1/100) og S2 (1/1000), kor steinsprang er den dimensjonerande skredtypen. Kjelde Skred AS, 2022).

Sidan det ikkje er aktuelt med byggverk eller tiltak i sikkerheitsklasse 2 i dette området, har ein vald å berre legge inn faresonar for sikkerheitsklasse S1 med større årleg sannsyn enn 1/100 i plankartet med tilhøyrande føresegrer. Det er steinsprang som er den dimensjonerande skredtypen i området. Faresonane er teikna inn der Skred AS vurderer at steinsprang kan medføre betydeleg skade, med årleg sannsyn større enn 1/100. Bygningar og tiltak i sikkerheitsklasse S1 kan byggjast utan sikringstiltak utanfor faresona med årleg sannsyn større enn 1/100. Ihht. NVE sin vegleiar (NVE, 2020), er faresonane skissert ut i frå slik terrenget framstår i dag. Det går fram av skredrapporten at sprenging av fjell og/eller andre terrenginngrep kan føre til endring av faresonane.

Skredfarevurderinga konkluderer med at årleg sannsyn for snøskred, sørpeskred og lausmasseskred ned mot og inn i kartleggingsområdet er mindre enn 1/1000. Viser til kap. 4 i vedlagd skredfarevurdering for nærare utgreiing kring vurderingane.

For bygningar er altså krav til sikkerheit mot skred gjeve i TEK17. Desse krava er ikkje tilpassa veg og trafikk i flyt på skredutsette strekningar. Statens vegvesen har difor fått utarbeidd eigne akseptkriterier, og desse er presentert i Retningslinjer for risikoakseptkriterier for skred på veg (Rundskriv 2014). Delar av den planlagd omlagde tilkomstvegen ligg delvis innanfor faresona. Akseptert risiko for veg er normalt sett ganske forskjellig frå akseptert risiko for bygg, som er det som er vurdert i vedlagd skredrapport. Det vert då forutsett at trafikken normalt er i flyt gjennom skredområda, og at det ikkje er tilrettelagde plassar for stans i dei skredutsette områda.

I Statens vegvesens rundskriv 2014 vert det vist til at konsekvens er relatert til trafikkmengda på vegen (ÅDT). Eventuelle personskadar som følgje av at skredhendingar treff trafikkantar er ikkje vekta. Konsekvensklassane A-F er delt inn etter ÅDT, kor aukande ÅDT gir auka konsekvens. Følgjande konsekvensar er nytta:

- A. <200
- B. 200 - <500
- C. 500 - <1500
- D. 1500 - <4000
- E. 4000 - <8000
- F. ≥8000

ÅDT på den aktuelle vegstrekninga er berekna til ca. 17, slik at ein då fell inn under konsekvensklasse A. I Rundskriv 2014 er det vist til følgjande risikomatrise og akseptkriterier for skred på veg:

AKSEPTKRITERIUM FOR SKRED PÅ VEG

Forslaget til risikomatrix og akseptkriterier for skred på veg er vist i figur 2. Nedenfor følger en forklaring til klasseinndelingen til sannsynlighet og konsekvens (ÅDT).

Årlig nominell skredsannsynlighet pr. enhetsstrekning	I $1/2 \geq F > 1/5$						
	II $1/5 \geq F > 1/10$						
	III $1/10 \geq F > 1/20$						
	IV $1/20 \geq F > 1/50$						
	V $1/50 \geq F > 1/100$						
	VI $1/100 \geq F > 1/1000$						
	VII $1/1000 \geq F$						
Trafikkmengde (ÅDT)		A <200	B 200 - <500	C 500 - <1500	D 1500 - <4000	E 4000 - <8000	F ≥8000
		Akseptabel strekningsrisiko Tolererbar strekningsrisiko. Aksept avhenger av skredintensitet og kost-nytte-analyse. Akseptnivå besluttet av regionledelsen (vegeier hos fylkesk.). Uakseptabel strekningsrisiko					

Figur 53: Risikomatrix for skred på ein vegstrekning, Grøn, gul og raud farge angir akseptnivået. Kjelde: Statens vegvesen.

Som ein ser så er det akseptabel strekningsrisiko for veg i område med årleg nominell sannsyn $1/100$ og $1/1000$. Skred AS vurderer at det er lite sannsynleg at det er område med større årleg sannsyn enn $1/10$ innanfor planområdet under dagens tilhøve. Føresegnene gir difor at nye skjeringar høgare enn 3 meter må undersøkast i høve til behov for sikring (som t.d. bolting og nett), samt sikrast for steinsprang dersom det vert vurdert som naudsynt.


Når det gjeld parkeringsplass, seier Rundskriv 2014 at på parkeringsplassar og kaiar etc. har ein meir langvarig personopphald og samling av køyretøy, noko som krev ein høgare grad av sikkerheit. Det vert difor vist til at krava i teknisk forskrift bør følgjast i størst mogleg grad ut frå vurderingar av personopphald. Parkeringsplass er difor vurdert som eit tiltak i sikkerheitsklasse S1. Planen legg ikkje opp til etablering av parkeringsplassar innanfor faresona.

Planforslaget opnar for at det kan etablerast naust og kaiar innanfor område som er vist med flaumsone for stormflo i NVE Atlas. Dette gjeld også for eksisterande naust i området. Kva gjeld naust og vassinnstrøyming i samband med t.d. springflo, syner sehavnivå.no eit anbefalt planleggingsnivå på 180 cm for byggverk i sikkerheitsklasse 1, 190 cm for byggverk i klasse 2, og 200 cm for byggverk i klasse 3 ved normalnull 2000 (jf. TEK17). Naust fell inn under sikkerheitsklasse 1, kor største nominelle årlege sannsyn er $1/20$. Det er difor sett ei minimum kotehøgde for golv i 1. etg. for nye naust på min. kote +1,8 i føresegnene, og bygningane er slik sikra mot høgt vasstands nivå. Eksisterande naust i planområdet er plassert lågare enn anbefalt nivå, så det vil vere ein viss fare for at det kan flø inn i desse ved stormflo. Det eldre naustet på gbnr. 8/4 er plassert lågast i terrenget, og ein har opplevd fleire gonger at det har flaumt inn.

Dei statlege planretningslinjene gir òg at det skal vurderast korleis omsynet til eit endra klima kan takast i vare, der det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og ivaretaking av økosystem. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det vert ikkje større asfalterte flater i planen, og ein set føre at overvatn vert ført til terreng.

Reguleringsplanen opnar ikkje for særskilte forureinande føremål. Føresegnene gir at det ved utbygging ved sjø skal nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggjefasen. Det er ikkje fare for ureining av drikkevatt, eller avrenning til vassdrag ved utvikling av området.

Området ligg under marin grense og er såleis synt som aktsemdsområde kvikkleire. Lausmassekart viser at området består av bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke. Det er svært lite lausmassar i dei områda som er aktuelle for utbygging. Vi vurderer det difor slik at det ikkje vert behov for utgreiing knytt til fare for områdeskred, jf. NVE sin rettleiar nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», som gir ein stegvis prosedyre. Prosedyren sitt steg 2 gir at det ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), ikkje er fare for at det vil utløysast områdeskred.



Figur 54: Kart som viser lausmassegeologien i området. Kjelde: NGU Arealinformasjon.

Det går ingen høgspenteleidningar i planområdet, så det er ikkje fare for elektromagnetisk stråling. Det er ikkje registrert forureina grunn i området. Økologisk tilstand i fjorden, i vassførekomsten Børøyfjorden (0260010600-2-C), er i følge Vannett god, der både økologisk og kjemisk tilstand er god. Det er ingen risiko for at miljømålet ikkje vert nådd i perioden 2022-2027.

Viser også til ROS- analyse i kap. 8. ROS-analysen konkluderer med at hendingar/forhold er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført og drifta i samsvar med lover og reglar, som t.d. pbl. og byggtetnisk forskrift (TEK17). Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingar i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha akseptabel risiko.

7.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Utbygginga medfører ikkje kommunale kostnader. VA- anlegget blir eit privat anlegg, og kostnaden med framlegging og utbygging skal takast av utbyggjar.

7.14 Konsekvensar for næringsinteresser og privatrettslege forhold

Planforslaget medfører ikkje negative konsekvensar for næringsinteresser. Ein kjenner ikkje til privatrettslege avtalar som strir mot planforslaget.

7.15 Interessesetningar

Det er ingen kjende interessesetningar i området.

7.16 Avveging av verknader

Planen opnar for fleire tiltak i strandsona, hovudsakleg i form av ei fortetting av naust med tilhøyrande kaiar og småbåtanlegg. Den planlagde utbygginga vil vere ei fortetting i eit område som allereie ber preg av tiltak og menneskeleg aktivitet. Området vil etter utbygging få eit fint og maritimt preg som vil passe godt inn med eksisterande naust og kaiar i nærmiljøet. Gjennom planarbeidet har det ikkje kome fram forhold som gjer at planen ikkje bør kunne realiserast. Ein har ikkje funne at dei planlagde tiltaka innanfor planområdet er av ein slik karakter at dei medfører store eller uheldige konsekvensar for landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv, kulturminne eller andre ålmenne interesser utover det som kan ventast når ein byggjer ut urørte område. Strandsoneverdiene er teke omsyn til i planarbeidet og sikra gjennom arealføremål og føresegner. Verknadane av planen er vurdert til å vere akseptable.

7.17 Anna

-

8 Samfunnstryggleik og beredskap

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følgt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar, er gjort med utgangspunkt i framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

Analysen tar for seg problemstillingar som i reguleringsfasen er vurdert til å kunne krevja avbøtande tiltak. Analysen er forsøkt tilpassa det planleggingsnivå som eit reguleringsforslag representerer. Eit mål med risikoanalysen er at punkt som blir nemnt, skal vidareførast i detaljprosjektering av bygg og anlegg og peike på problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet. Formålet med risikoanalysen er å innarbeide risikoreduserande og skadeavgrensande tiltak i reguleringsplanen. Det kan komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår tilråding er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risiko-vurderingar i gjennomføring av prosjektet.

8.1 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. ROS-analysen følger også til dels akseptkriteria til Bømlo kommune.

Risiko = Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, tryggleik/stabilitet, samt eigedom/materielle verdiar. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet». ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggingsføremålet høyrer til er det angitt ein nominell årleg sannsyn.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen er dels utført etter Bømlø kommune sine akseptkriterier, men tilpassa dagens forskrifter, rettleiarar og omfang/tiltaka planen legg til rette for. Det er valt å ikkje sette sannsyn eller konsekvens for dei tema ein vurderer til å ikkje vera relevant.

Tabell 4. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

	Sannsyn	Frekvens	TEK 17
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år	S1/F1
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år	S1/F1
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år	S1/F2
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år	S2/F2
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år	S3/F3

Følgjande tema kytt til planframlegget vert vurdert i høve potensiell risiko: Liv og helse, materielle verdiar/-økonomi, ytre miljø og samfunnsviktige funksjonar. Grenseverdiane er kategorisert og gjevne opp i tabellen under.

Tabell 5. Konsekvens.

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding
2	Ein viss fare	Inntil 5 alvorlege personskadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall
	Konsekvens	Materielle verdiar/økonomi (Ø)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr

2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. – 300 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Samfunnsviktige funksjonar (S)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/-alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans inntil 1 veke
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift

Risikomatrisa er inndelt i 4 matriser, ei for kvart tema (liv og helse, materielle verdiar/økonomi, ytre miljø, og samfunnsviktige funksjonar). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5x5 og inndelinga med koding finn ein igjen i tabellane 2 og 3. Matrisa har tre soner; grøn, gul og raud.

Tabell 6. Risikomatrise. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

		LIV OG HELSE					ØKONOMI					YTRE MILJØ					SAMFUNN				
SANNSYN	1																				
	2																				
	3																				
	4																				
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5

Som akseptkriterium har ein lagt til grunn:

Uakseptabel risiko	Tiltak skal settast i verk for å redusera risikoen. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det skal gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreiningar for å belysa risikoen (ROS-analyse).
Middels risiko	Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost - nytte. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Kommunen kan, basert på tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering, i byggesak krevje ROS-analyse.

Akseptabel risiko	Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det bør i kvar enkelt byggesak vurderast om det må gjennomførast førebyggjande tiltak.
--------------------------	--

8.2 ROS-analysen

Tabell 7. ROS- analyse.

Hending/situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur- og miljøforhold					
<i>Er området utsett for, eller kan planen medføre risiko for:</i>					
1. Ras/skred (snø, stein, masse m.m.)	X	S2	K2	2,2	Det er bratte skrentar i området og skred i fast fjell er difor ei aktuell problemstilling. Det er gjennomført skredfarekartlegging i området som viser at delar av planområdet kan vere utsett for steinsprang. Det er vurdert at det er faresonar for skred med årleg sannsyn større enn 1/100 og 1/1000 i delar av kartleggingsområdet. Faresonane er dimensjonert for steinsprang. Sidan det ikkje er aktuelt å føre opp bygg i tiltaksklasse 2 og 3 innanfor planområdet, har ein berre lagt inn faresone med årleg sannsyn større enn 1/100 i plankartet. Dersom det skal gjennomførast tiltak som er i konflikt med faresonene, må det gjennomførast sikringstiltak. Faresonene frå skredfarerapporten er teke inn i plankartet, og føresegnene gir at det er forbode å gjennomføre tiltak i sikkerheitsklasse S1-3 innanfor faresona før området er dokumentert trygt i samsvar med skredfarevurderinga. Skredfarevurderinga konkluderer med at snøskred, sørpeskred og lausmasseskred ikkje er aktuelle problemstillingar i planområdet.
2. Flaum (elv, bekk), ekstrem nedbør	-				
3. Stormflo, høg vasstand, store bølger, stigning av havnivå, ekstrem vind	X	S1	K1	(Ø) 1,1	Skuldast generell havnivåauke. Planområdet er ikkje særskilt utsett for ekstrem vind, og ligg skjerma for store bølger. Eksisterande naust ligg lågare enn anbefalt planleggingsnivå. Nye naust er lagt over anbefalt planleggingsnivå.
Menneskeskapte forhold					
<i>Kan planen få konsekvensar for, eller kan planområdet verta påverka av:</i>					
4. Støy frå veg, næring/-industri eller anna	-				Det er ikkje støyande verksemdar innanfor, eller i nærleiken av planområdet, og det er ikkje planlagt for nye støyande aktivitetar.

5. Akutt forureining	X	S4	K2	(M) 4,2	I anleggsfasen kan avrenning ut i sjø skje. Føresegnene gir at det skal nyttast reine massar ved utfylling i sjø.
6. Anna forureining (forureining av grunn, deponi etc.)	-				Ikkje aktuell då det ikkje er registrert forureina grunn, eller historikk i området som tilseier at grunn skal vere forureina. Er ikkje deponi o.l. i området.
7. Transport av/ulykke med farleg gods	-				Ikkje aktuell då tiltak i planen vil ikkje vil medføre transport av farleg gods.
8. Stråling (høgspenlinje)	-				Ikkje aktuell då det ikkje går høgspenlinjer i området.
9. Dambrot	-				Ikkje aktuell då det ikkje er dam i området.
10. Brann og eksplosjon	X	S3	K2	(Ø) 3,2	Eksisterande tilkomstveg er brattare enn 12,5% og såleis brattare enn Bømlø Brann og redning sine krav til køyreveg for tilkomst for brannbil. Det er lagt opp til uttak av sløkkevatn frå sjø. Ikkje bygg for varig opphald.
11. Regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is, endringar i vasstand mm	-				Ikkje aktuell då det ikkje er regulerte vassmagasin i området.
12. Naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup mm)	X	S4	K3	(L) 4,3	Ulykker kan førekomme. Det er nokre bratte skrentar i området. Områda er ikkje naturleg for opphald og det veks tett skog som hindrar folk i å ta seg fram til skrent.
13. Ulykke i kryss og av-/påkøyring	X	S3	K2	(L) 3,2	Ulykker kan førekomme. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav.
14. Ulykke med gåande/-syklende	X	S3	K2	(L) 3,2	Ulykker kan førekomme. Internt i planområdet vil trafikken vere låg med låg fartsgrense.
15. Skipstrafikk	X	S3	K2	(L) 3,2	Ulykke på sjø med fritidsbåtar kan skje, men det skal vera låg fart inne i sundet.
16. Andre ulykkespunkt	-				Ikkje aktuell då vi ikkje ser andre potensielle ulykkespunkt.

8.2.1 Vurdering av tiltak i gul/rød kategori

I tabellen under er kvar hending som er vurdert til å hamne i gul og rød kategori m.o.t. sannsyn og konsekvens lista opp, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

Nr.	Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna
1	<u>Ras/skred</u> Det er bratte skrentar i området. Det er gjennomført skredfarekartlegging i området som viser at delar av planområdet kan vere utsett for steinsprang. Faresonar er lagt inn i plankartet. Dersom det skal gjennomførast tiltak som er i konflikt med faresonene må det gjennomførast sikringstiltak. Føresegnene gir at det er forbode å gjennomføre tiltak innanfor faresona før området er dokumentert trygt i samsvar med skredfarevurderinga.
12	<u>Fallskadar</u> Ulykker kan førekome. Bratt terreng i området. Området er ikkje naturleg for opphald og det veks tett skog som hindrar folk i å ta seg fram til skrent.

13-15	<u>Ulykker</u> Ulykker kan førekomme. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav.
-------	--

8.2.2 Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget

Hending/forhold er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført og drifta i samsvar med lover og reglar, som t.d. pbl. og byggteknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingar i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha akseptabel risiko.

9 Innkomne merknader til oppstart

Viser til kap. 2.2. I samband med varsel om oppstart kom det inn 6 stk. merknader frå offentlege instansar. I tabellen under følgjer ei oppsummering av dei innkomne merknadane og våre kommentarar til desse.

Tabell 6. Innkomne merknader til varsel om oppstart

Person/etat, dato Merknad summert opp	Kommentarar frå tiltakshavar
NVE, 14.06.2022 Har sendt ei generell rettleiing, kor dei viser til sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplanar og sine nettsider for arealplanlegging. Dei ber om at ein nyttar desse i planlegginga. Dei skriv at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar. Dersom planane rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha planen ved offentleg ettersyn.	Teke til vitande. Det er gjennomført skredfarekartlegging i området som viser at delar av planområdet kan vere utsett for steinsprang. Faresonar er lagt inn i plankartet. Dersom det skal gjennomførast tiltak som er i konflikt med faresonene må det gjennomførast sikringstiltak. Føresegnene gir at det er forbode å gjennomføre tiltak innanfor faresona før området er dokumentert trygt i samsvar med skredfarevurderinga. Området ligg under marin grense og er såleis synt som aktsemdsområde kvikkleire. Lausmassekart viser at området består av bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke. Det er svært lite lausmassar i dei områda som er aktuelle for utbygging. Vi vurderer det difor slik at det ikkje vert behov for utgreiing knytt til fare for områdeskred, jf. NVE sin rettleiar nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», som gir ein stegvis prosedyre. Prosedyren sitt steg 2 gir at det ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), ikkje er fare for at det vil utløyast områdeskred.
Karmsund Port Authority, 14.06.2022 Skriv at det må takast omsyn til sjøvertsferdsel, og at det er viktig at det ikkje vert planlagd tiltak/aktivitetar som kan koma i konflikt med framkommelegeheita i farleia. Dei anbefalar at ein legg inn krav i føresegnene om etablering av redningsstige på småbåtanlegget. Skriv vidare at det må takast med i føresegnene at tiltak som fell inn under havne- og farvasslova sine bestemmelsar skal godkjennast av hamnemynde.	Merknaden er teken til vitande. Det er ikkje planlagd tiltak som er til hinder for framkommelegheit i farleia. Ein har lagt desse tinga inn i føresegnene.
Kystverket, 23.06.2022 Skriv at det er viktig at framtidige inngrep i sjøareala ikkje må kome i konflikt med ferdsløse i sjø. Indirekte belysning på bryggjeanlegg og redningsutstyr er førebryggjande sikkerheitstiltak som bør vurderast i planarbeidet. Bryggjer etc. som stikk ut i sjøen må vere synlege i mørket for å hindre påkøyrsløse. Skriv vidare at det må takast med i føresegnene at tiltak som fell inn under havne- og farvasslova sine bestemmelsar skal godkjennast av hamnemynde.	Merknaden er teken til vitande. Det er ikkje planlagd tiltak som er til hinder for framkommelegheit i farleia. Ein har lagt desse tinga inn i føresegnene.
Vestland Fylkeskommune, 30.06.2022 <u>Strandsone, friluftsliv, naturmangfald og landskap</u> Viser til byggjeforbodet i 100-metersbeltet nedfelt i pbl.. Viser vidare til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, kor planområdet inngår i arealsone landskap; Børøfjorden med kanalane og dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Dei skriv at ålmenta sin tilgang til sjø og frå sjø må	Det er utført ei kartlegging av strandsoneverdiene i planarbeidet. Viser til kap. 7.3. Krav sett i føresegnene for nye terrenginngrep og estetikk for ny utbygging vil bidra til å minske dei negative verknadane av utbygginga. Naturmangfald er vurdert i planarbeidet.

ha eit særleg fokus i det vidare planarbeidet. Naturmangfald må vurderast i planen og planområdet sin eigenart og samanhengen planområdet står i til landskapsområde 4 sin karakter, må takast omsyn til Nye bygg og terrenginngrep, materialval for arkitektur og andre strukturar må vere i samspel med omgjevnadene. <u>Kulturminne og kulturmiljø:</u> Skriv at planen sin verknad på kulturminne skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Skriv vidare at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. På grunn av topografiske tilhøve og at areala i stor grad er nedbygd frå før, så er området vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Saka har også vore sendt til Bergens sjøfartsmuseum. Dei kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa. <u>Infrastruktur og veg</u> Skriv at planområdet vil ha tilkomst frå eksisterande avkøyring på fv.4996, og at ein må sjå til at tilknyttinga til fylkesvegen oppfyller krava i handbøkene, då særleg med omsyn til stigning og sikt.	Planen sin verknad på kulturminne er omtalt i planomtalen. Føresegnene tek i vare eventuelle ukjende kulturminne. Når det gjeld den eksisterande avkøyrsla frå Fv.4996, så vurderer ein at sikt er tilfredsstillande. Det er lagt inn siktsonar i plankartet. Maks stiging på dagens avkøyrsl er 12,5%. Dette er i tråd med hb N100. Etter vegnormalen skal de første 2,0 metrane ha ein stigning på 2,5%. Her er dagens avkøyrsl noko brattare, men fungerer bra. Ein legg ikkje opp til å endre på eksisterande veg.
Fiskeridirektoratet, 15.07.2022 Ber om at det vert teke omsyn til bevaring av marint biologisk mangfald og det registrerte bløtbunnsområdet ved opparbeiding av naustområdet og utfylling av massar i sjø. Dei skriv at Havforskningsinstituttet har registrert gytefelt for torsk i Mosterfjorden utanfor det skisserte planområdet. Torsken har gytetid frå slutten av januar ut april. Innanfor dette tidsrommet er fisken særleg sårbar. Sprenging i sjø i tidsrommet må unngåast og ved utfylling av massar skal avbøtande tiltak for å unngå spreiding av blakka sjøvatn vurderast.	Merknaden er teken til vitande. Føresegnene sikrar at det ikkje skal utførast sprenging i sjø i gyteperioden til torsken. Vidare sikrar føresegnene at det ved utbygging ved sjø og ved utfylling i sjø skal nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen og for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd.
Statsforvaltaren i Vestland, 01.07.2022 <u>Jordvern</u> Viser til at parkeringsarealet til naustområdet er tenkt plassert i eit område med fulldyrka jord. Dei meiner dette lyt belyst i planen. <u>Strandsoneverdiar</u> Viser til SPR og regional kystsoneplan, og meiner at talet på flytebrygger kan reduserast dersom ein legg opp til større grad av fellesløysingar. Viser elles til at det må gjerast ei særskilt vurdering av strandsonekvalitetane i området jf. pbl. §1-8. SPR skal leggjast til grunn. <u>Samfunnstryggleik/ ROS- analyse</u> Viser til krav om ROS- analyse. Skriv at m.a. havnivåstigning, stormflo og skredfare vil vere relevante tema å ta med. <u>Folkehelse</u>	Merknaden er teken til vitande. <u>Jordvern</u> Parkeringsarealet som i tidleg utkast til prinsippskisse er no flytta til eit område utan fulldyrka jord. <u>Strandsoneverdiar</u> Ein har føreteke ei kartlegging av strandsoneverdiar i området, og tilpassa den planforslaget etter dette. Viser til pkt. 4.1.4 og 7.3 i planomtalen. Vi har lagt retningslinjer for regional kystsoneplan og statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen til grunn, som ma. gir at utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert – balansert opp mot grunneigarane sine forventningar mot. KPA og kvalitetar i området/strandsona, både for dei som nyttar eksisterande naust og for ålmenta. Samanlikna med den prinsippsskissa som var lagt ved oppstartsmeldinga, så har ein redusert talet på naust og bryggjeanlegg. Bølgjebrytaren som låg inne i

Skriv at det må gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging. <u>Barn og unge</u> Viser til at born og unges interesser må ivaretakast i planprosessen. Syner til temaretteljar T-1513 og retteliar H-2302. <u>Friluftsliv</u> Viser til at planområdet ligg i eit område kartlagd som «svært viktig friluftsområde» -strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Viser til SPR pkt. 6.2 som peikar på at moglegheita for ålment friluftsliv, basert på ferdsle med båt, til fot og på sykkel, opphald ved strandareal og bading, bør tryggast og betrast i strandsona. Skriv vidare at naust, flytebrygge og bølgebrytar i sør ikkje heng direkte saman med resten av naustområdet. Statsforvaltaren meiner desse tiltaka bidreg til isolerte inngrep i landskap og terreng, samt privatisering kring stranda og for ålmenn ferdsle langs sjø ut mot neset i sørvest. <u>Naturmangfald</u> Minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Desse vurderingane skal gå klart fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. <u>Medverknad</u> Viser til at det må leggjast til rette for god medverknad i planprosessen.	prinsippskissa som vart sendt ut saman med oppstartsvaselet, har ein teke ut av planforslaget. <u>Samfunnstryggleik/ ROS- analyse</u> Det er utført ROS- analyse som ein del av planomtalen. Viser til kap. 8. Det er også utført ei skredfarekartlegging i samband med planarbeidet. <u>Folkehelse</u> Folkehelse er omtala i planomtalen under kap. 7.7. <u>Barn og unge</u> Born og unge sine interesser er vurdert i planomtalen under kap. 7.7. <u>Friluftsliv</u> Konsekvensane for friluftsliv er vurdert i planarbeidet. Viser til kap. 7.7 og vurderingar gjort der. Den tidlegare innteikna bølgebrytaren er teken ut av planforslaget. N1, det nye naustet på hovudbruket gbnr. 8/4, er elles plassert på ei allereie planert flate ut mot det bratte bråtet. Svært bratt terreng sør for naustet umogleggjer vidare ferdsle ut mot neset i sørvest. Ein er difor ikkje einig med Statsforvaltaren i at naustet og flytebrygga hindrar ålmenn ferdsle i strandsona. Føresegnene sikrar ålmenn ferdsle i stranda og på kaiområda, slik at naustet ikkje bidreg til auka privatisering. Naustet er heller med på å ramme inn vika på ein fin og naturleg måte. <u>Naturmangfald</u> Konsekvensane for naturmangfald er vurdert i planarbeidet. Viser til kap. 7.5. <u>Medverknad</u> Det er lagt opp til normal medverknad i planen.
---	--

10 Vedlegg

Følgjande dokument, utover planomtale, føresegnar og plankart, er vedlegg til planen:

- Overordna VA- plan
- Oppstartsmelding og merknader til planoppstart
- Skredfarevurdering, Skred AS, datert 04.11.2022